

# BACHELOROPPGÅVE

## **”Behøver Noreg ein eigen rekneskapsstandard for mikroforetak?”**

av

3 - Kristian Rykkje

10 - Kristin Stubhaug

11 - Guro Lothe

**Does Norway need an own accounting standard for micro entities?**

Økonomi og administrasjon

BO6-2001

Mai 2016



**Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva

*”Behøver Noreg ein eigen rekneskapsstandard for mikroforetak?”*

i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar.

Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

3 - Kristian Rykkje

JA X NEI \_\_\_

10 - Kristin Stubhaug

JA X NEI \_\_\_

11 - Guro Lothe

JA X NEI \_\_\_

## Forord

Denne oppgåva er skriven som ei avslutning på vår bachelorgrad i økonomi og administrasjon ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Arbeidet med oppgåva har føregått frå januar til midten av mai 2016.

Me har valt å skrive oppgåva innan rekneskap, fordi me ynskjer å ha moglegheit til å bli autoriserte rekneskapsførarar i framtida. Det var viktig for oss å velje tema og problemstilling som me syntest er interessant og aktuelt, for å gjera prosessen med å skrive oppgåva mest mogeleg spennande. Arbeidet med oppgåva har vore svært lærerikt. Me har fått eit betre innblikk og forståing for dagens rekneskapsreglar, spesielt for små føretak og det som vil vere aktuelt ved ei eventuell innføring av mikroføretak.

Me har hatt eit godt samarbeid i gruppa. Me har vore flinke til å fordele oppgåver og ansvar, samtidig har me hatt regelmessige møter der me arbeidde saman. Me fann tidleg ut at det var viktig å setje seg delmål. Me lagde derfor ein plan over kva me skulle gjer, og tidsfristar for dei ulike arbeidsoppgåvene. Dette har ført til at me har arbeidd strukturert og jamt gjennom heile perioden.

Me vil takke rettleiaren vår Willy Myhre for god rettleiing, oppfølging og tilbakemeldingar gjennom heile perioden. Respondentane fortener også ein takk for å ha tatt seg tid til å svare på undersøkinga vår i ein svært travel periode. Me vil også takke Mona Kristin Nytun for god hjelp på teoridelen av oppgåva vår.

Sogndal 19. mai 2016

---

Kristian Rykkje

---

Kristin Stubhaug

---

Guro Lothe

## Samandrag

Ved utarbeiding av årsrekneskapen til føretak, følgjer ein ulike lover ut i frå storleiken på føretaket. Me deler føretaka inn i ulike føretaksklassar. Over 90% av alle rekneskapspliktege fører i dag årsrekneskapet sitt etter reglane for små føretak. Føretaksklassen små føretak er i dag dei minste føretaka med tanke på størrelse, men det er definitivt flest føretak som kjem inn under denne kategorien. Det har lenge vore diskutert om ein skal innføre ein føretaksklasse som skal gjelde for dei aller minste føretaka, kalla mikroføretak. Ein ynskjer å gjera rekneskapsføringa enklare for desse føretaka, noko som og vil føre til kostnadssparing.

Noreg er ein del av EØS-avtalen og må dermed følgje dei retningslinjene og lovene som gjeld for avtalen. I 2013 opna EØS-avtalen opp for at ein kunne innføre føretaksklassen mikroføretak. Ved utarbeiding av ny norsk rekneskapslov vart det utnemnt eit rekneskapsutval som blant anna skulle vurdere om Noreg skulle innføre mikroføretak. Etter første delutreiing foreslo utvalet at mikroføretak ikkje skulle bli innført. Grunnen var at utvalet meinte det ikkje eksisterte nokon reelle forenklingmoglegheiter for mikroføretak. Me hadde dermed lyst å finne ut om revisorar og rekneskapsførar var einig i denne avgjerda. Rekneskapsførarar og revisorar arbeider med rekneskap kvar dag, og me var interessert i å finne ut om dei meiner det eksisterer nokon forenklingmoglegheiter. Me utarbeidde dermed problemstillinga “Behøver Noreg ein eigen rekneskapsstandard for mikroføretak?”.

I første del av oppgåva presenterer me problemstillinga og bakgrunn for denne. I andre del blir relevant teori rundt problemstillinga gjennomgått. Kapittel 3 omhandlar metode. Me valte å bruke kvantitativ metode og utarbeidde dermed eit prestrukturert elektronisk spørjeskjema for å prøve å finne svar på problemstillinga vår. Resultata frå undersøkinga blir analysert i kapittel 4. I siste kapittel kjem me med ein konklusjon på problemstillinga.

## Summary

While making annual accounts for firms, you would follow different laws depending on the firm size. Firms are divided into different classes. Over 90% of the accounting obligated firms today, use the rules for small entities. Small entities are the smallest in terms of size, but it definitely has most users. It has been discussed for a long time if one should create an entities-class for the smallest firms, called micro entities. One would like to simplify accounting for micro entities, something which could lead to cost savings.

Norway is part of the EEA agreement and must therefore follow the guidelines and laws which comes whit the agreement. The EEA agreement opened up for introducing micro entities in 2013. When elaborating the new Norwegian accounting act, it was appointed an accounting selection which is going to consider if Norway should introduce micro entities. After the first rapport, the selection suggested that micro entities should not be introduced. The reason behind this is that the selection believe the existence of an actual simplification opportunity for micro entities does not exist. We would therefore like to investigate if auditors and accountants are in agreement whit this decision. Accountants and auditors work whit accounting every day. We would therefore like to find out if they think there exist any simplification opportunities. We came up with the following approach to the problem: “Does Norway need an own accounting standard for micro entities?”

In the first part of the thesis, the approach of the problem and the reason for this choice will be presented. In the second part, we will present relevant theory on the subject. Chapter 3 is about methodology. We decided to use a quantitative research method, and therefore made a prestructured electronic questionnaire to help us find an answer to our research problem. Chapter 4 will contain the analysis of the survey findings. In the final chapter, a conclusion will be presented.

# Innholdsliste

Forord .....	iii
Samandrag .....	iv
Summary .....	v
Innholdsliste .....	vi
Tabell- og figuroversikt.....	viii
Nøkkelbegrep .....	x
1.0 Innleiing: .....	1
1.1 Bakgrunn og aktualisering:.....	1
1.2 Formål og problemstilling: .....	1
1.3 Avgrensingar: .....	2
2.0 Teori .....	3
2.1 Definisjonar av føretak .....	3
2.2 Rekneskapspråk .....	5
2.2.1 Norsk Rekneskapsstiftelse .....	7
2.2.2 Internasjonalt rekneskapspråk .....	8
2.3 Aksjeselskap .....	10
2.3.1 Revisjonsplikt for aksjeselskap.....	10
2.3.2 Kvifor ha revisjonsplikt?.....	10
2.4 Mikroføretak .....	11
2.4.1 Tidligare forslag.....	12
2.4.2 Dagens forslag .....	14
3.0 Metode.....	20
3.1 Kva er metode? .....	20
3.2 Kvalitativ- og kvantitativmetode .....	20

3.3	Primær- og sekundærdata .....	21
3.4	Utvalsprosessen .....	22
3.5	Utføring av spørjeundersøkinga .....	23
3.5.1	Utarbeiding av spørjeundersøkinga .....	23
3.5.2	Innsamling av data .....	24
3.6	Reliabilitet og validitet .....	24
3.7	Feilkjelder .....	25
4.0	Empiri og dataanalyse .....	27
4.1	Resultatet av datainnsamlinga .....	27
4.2	Gjennomgang av resultat .....	28
5.0	Avslutning .....	45
5.1	Oppsummering .....	45
5.2	Konklusjon.....	49
5.3	Vidare forskning .....	51
	Referanseliste .....	52
	Vedlegg 1 - Spørjeskjema .....	56

## Tabell- og figuroversikt

Tabell 1: Fordeling av føretak i 2008.....	4
Tabell 2: Fordeling av føretak i 2012.....	4
Tabell 3: Prosentfordeling av svar .....	45
Tabell 4: Prosentfordeling av svar med tre kategoriar .....	47
Tabell 5: Prosentfordeling av svar med to kategoriar .....	48
Figur 1: Utarbeiding av lover og retningslinjer.....	11
Figur 2: Tal svar per dag .....	27
Figur 3: Kjønn .....	28
Figur 4: Yrke .....	28
Figur 5: Alle selskap uansett storleik bør ha revisjonsplikt .....	29
Figur 6: Alle selskap uansett storleik bør ha revisjonsplikt - fordelt etter yrke .....	30
Figur 7: Innføring av mikroføretak vil letta arbeidsdagen min på sikt .....	30
Figur 8: I dag stilles det for strenge krav til små føretak .....	31
Figur 9: I dag stilles det for strenge krav til små føretak - fordelt etter yrke .....	32
Figur 11: Ved innføring av mikroføretak trur eg at fleire vel å føre rekneskapet sitt sjølv - fordelt etter yrke .....	33
Figur 10: Ved innføring av mikroføretak trur eg at fleire vel å føre rekneskapet sitt sjølv .....	33
Figur 12: Ein treng ikkje presentera forskotsbetaling og påløpte inntekter .....	34
Figur 13: Ein treng ikkje presentera påløpte kostnader og forskotsbetalt inntekt.....	34
Figur 14: Ein kan nytta seg av kontantprinsippet for "andre kostnader" .....	35
Figur 15: Ein er untatt frå noteopplysingar .....	36
Figur 16: Ein er untatt frå årsberetninga .....	36
Figur 17: Ein er untatt frå årsberetninga - fordelt etter yrke .....	37



Figur 18: Ein er untatt frå offentleggjering av årsrekneskapet.....	37
Figur 19: Ein kan nytte ei forenkla balanseoppstilling med færre postar .....	38
Figur 20: Ein kan nytte ei forenkla resultatoppstilling med færre postar.....	38
Figur 21: Vil fordelene ved desse forenklingane vere større enn ulempa ved eit litt meir unøyaktig rekneskap.....	39
Figur 22: Vil fordelene ved desse forenklingane vere større enn ulempa ved eit litt meir unøyaktig rekneskap - fordelt etter yrke .....	40
Figur 23: I kor stor grad hadde det letta utarbeidinga av årsrekneskapet for mikroføretak å kunne nytta forenklingsreglane etter skattelova.....	41
Figur 24: I kor stor grad hadde det letta utarbeidinga av årsrekneskapet for mikroføretak å kunne nytta forenklingsreglane etter skattelova - fordelt etter yrke.....	42
Figur 26: EU's definisjon av mikroføretak. Kva synes du om den? - fordelt etter yrke .....	43
Figur 25: EU's definisjon av mikroføretak. Kva synes du om den? .....	43
Figur 27: Er du generelt positiv til omgrepet mikroføretak? .....	44

## Nøkkelbegrep

AS	- Aksjeselskap
EU	- Europeisk union
EØS	- Europeisk økonomisk samarbeid
GRFS	- God rekneskapsføringsskikk
GRS	- God rekneskapsskikk
IAS	- International Accounting Standard
IASB	- International Accounting Standard Boards
IFRS	- International Financial Reporting Standards
MAS	- Mikroaksjeselskap
NRS	- Norsk rekneskapsstiftelse
NRS	- Norsk rekneskapsstandard
NRS8	- Norsk rekneskapsstandard for små foretak
NRS(F)	- Norsk rekneskapsstandard for ideelle organisasjoner
NUF	- Norskregistrerte utlandske foretak
Rådet	- Den Europeiske Union sitt råd

### Lover:

Asl.	- Aksjelova
BL.	- Bokføringslova
Rskl.	- Rekneskapslova

## **1.0 Innleiing:**

### **1.1 Bakgrunn og aktualisering:**

Innføring av mikroforetak i dei norske rekneskapsystema har lenge vore diskutert og dermed aktualisert. Heilt sidan 2007 har Europeisk Union (EU) arbeidd for å innføre omgrepet mikroforetak til europeisk økonomi, for å redusere administrasjonskostnader for dei mindre foretaka (*Europa-Parlamentets og Rådets direktiv 2012/6/EU, 2012*). Vidare kom Europaparlamentet med eit reelt forslag om innføring av mikroforetak i 2009 på vegne av EU (*Directive of the European Parliament and of the Council, 2009*). Dette forslaget omarbeidde revisjonsforeininga og gav seinare i 2009 ut eit fornorska forslag til omgrepet mikroforetak (Knudsen & Husaas, 2009). Det norske finanstilsynet viste aldri interesse for desse forslaga. EU med europaparlamentet i spissen fortsette arbeidet med innføring av mikroforetak. 14. Mars 2012 la dei fram eit nytt forslag om at medlemslanda kan innføre omgrepet mikroforetak. 1.februar 2013 vart forslaget ein del av EØS avtalen slik at også Noreg må ta stilling til denne innføringa. Finanstilsynet har derfor sett opp eit utval personar til å vurdere saka i samband med den nye rekneskapslova som er under utarbeiding. Fyrste delutreiing kom 26.juni 2015, den var negativ til mikroforetak. Den andre utreiinga er venta i juni 2016, før finanstilsynet då vil ta ei endeleg avgjerd (EØS-notatbasen, 2012).

### **1.2 Formål og problemstilling:**

På bakgrunn av dette forslaget og den framtidige avgjersla til finanstilsynet ynskjer me å sjå på fordelar og ulemper i samband med mikroforetak. Problemstillinga er dermed:

*”Behøver Noreg ein eigen rekneskapsstandard for mikroforetak?”*

Me ynskjer å undersøke saka slik som utvalet gjer for finanstilsynet, og kome fram til vår eigen konklusjon. Me har til tid og anna sett at det dukkar opp artiklar som kritiserer dei norske rekneskapspråka fordi dei er for tids- og ressurskrevjande for dei minste foretaka. Det vert ofte meint at dei norske rekneskapspråka er for avanserte, men samstundes er mange av dei norske foretaka negative til innføring av IFRS sidan dei meiner at dette avanserer meir enn det forenkler. Derfor vil me sjå om ei innføring av omgrepet mikroforetak kanskje kunne letta

rekneskapsføringa til mange av dei mindre føretaka. Me ynskjer å stille spørsmål ved denne avgjersla finanstilsynet står over. Me ynskjer også å bringe vidare spørsmålet til rekneskapsførarar og revisorar, autoriserte og ikkje autoriserte, gjennom ein kvantitativ undersøking for å finne meininga til dei som skal nytte slike reglar, og ikkje berre eit lite utval på vegne av staten. Dette er ei problemstilling me ynskjer å tileigne oss kunnskap om med tanke på vår framtid som potensielle rekneskapsførarar og/eller revisorar.

### **1.3 Avgrensingar:**

Me såg i utgangspunktet på rekneskapsreglar generelt for små føretak, men det tok ikkje lang tid før me fann ut at det var behov for avgrensingar. Me avgrensar derfor denne oppgåva til å gjelde hovudsaklig for aksjeselskap (AS) sidan desse alltid er rekneskapspliktige, jf. rskl. §1-2 nr.1. Me vel også å ha fokus på dei minste føretaka og spesielt omgrepet mikroføretak.

I spørjeundersøkinga valde me å spørje om i kva fylke respondentane arbeider, for å sjå om me fekk svar frå andre delar av landet. Når me stengte undersøkinga såg me at omlag alle respondentane er frå Sogn og Fjordane. Me har derfor valt å avgrense undersøkinga til å gjelde berre Sogn og Fjordane.

## 2.0 Teori

### 2.1 Definisjonar av føretak

I dag kategoriserast føretak som enten små-, store-, øvrige føretak eller ideelle organisasjonar. Definisjonen for små føretak er gitt i rskl. §1-6, som seier at “Som små foretak regnes regnskapspliktige som ikke faller inn under § 1-5 og som på balansedagen ikke overskrider grensene for to av følgende tre vilkår:

1. salgsinntekt: 70 millioner kroner,
2. balansesum: 35 millioner kroner,
3. gjennomsnittlig antall ansatte i regnskapsåret: 50 årsverk”

I rskl. §1-5 kjem det fram kva som reknast som eit stort føretak: “Som store foretak regnes:

1. allmennaksjeselskaper
2. regnskapspliktige hvis aksjer, andeler, grunnfondsbevis eller obligasjoner noteres på børs, autorisert markedsplass eller tilsvarende regulert marked i utlandet, eller
3. andre regnskapspliktige dersom det er fastsatt i forskrift gitt av departementet.”

Øvrige føretak er dermed dei som ikkje går inn under definisjonen i rskl. §1-5 eller §1-6.

Ideelle organisasjonar er organisasjonar som ikkje har eit økonomisk formål, jf. rskl. §4-1 (3).

I samband med den nye rekneskapslova vert det diskutert om mikroføretak skal innførast som ein ny føretaksklasse. Ved ei eventuell innføring av mikroføretak er det EU sin definisjon som vil gjelde. Den seier at for å bli rekna som eit mikroføretak, må to av dei følgjande tre krava vere oppfylt:

1. salsinntekt under 700 000 euro,
2. balanse under 350 000 euro,
3. gjennomsnittleg tal tilsette er 10 eller mindre.

Når ein skal rekne dette om til norske kroner gjelder valutakursen frå då forslaget kom. Dette tilsvara ei salsinntekt på under 5,5 millionar kroner og ein balansesum på under 2,75 millionar kroner (Finansdepartementet, 2015).

Tal frå 2008, som ein kan sjå i tabell 1, viser at det i 2008 var 238 590 rekneskapspliktege føretak i Norge. Av desse blir 224 326 føretak definert som små føretak, noko som tilsvara ca. 94% av alle rekneskapspliktige føretak. Tal frå 2012, sjå tabell 2, viser at det var 210 433 rekneskapspliktige føretak i Norge. Av desse blir 204 003 føretak definert som små føretak, dvs. ca. 97% av alle føretak med rekneskapsplikt kan nytte seg av dei forenkla reglane for små føretak. Me ser altså at det er ein svært stor del av norske føretak som går under definisjonen for små føretak, samt at dette talet er aukande.

Med dagens definisjon for mikroføretak viser same tala frå 2012 at det var 164 729 føretak som kunne reknast som mikroføretak i Noreg. Det betyr at ca. 78% av dagens rekneskapspliktege føretak kan kome inn under ein rekneskapsstandard for mikroføretak, og dermed unngå store administrative kostnader.

*Tabell 1: Fordeling av føretak i 2008*

	<b>Selskapsregnskap Konsernregnskap</b>	
Forenkling for små foretak	223 479	847
GRS	10 765	2 661
IFRS eller forenklet IFRS	557	163
Andre / ikke oppgitt	8	110
<b>Regnskapspliktige foretak i 2008</b>	<b>234 809</b>	<b>3 781</b>

Tabellen er henta frå (Baksaas, 2010)

*Tabell 2: Fordeling av føretak i 2012*

Foretakskategori	Alternativ 1
Mikroforetak	164 729
Små foretak	39 274
Små foretak maks.	
Mellomstore foretak	5 055
Store foretak	1 375
Alle foretak	210 433

Tabellen er henta frå (Finansdepartementet, 2015)

Når ein skal utarbeide eit årsrekneskap varierer det veldig kva rekneskapsopplysningar ein har bruk for. Både med tanke på ein sjølv, men og ovanfor ulike interessentar. Dersom ein er eit lite føretak med t.d. berre ein tilsett, ein balanse på kr 1 000 000 og salsinntekt på kr 2 000 000, har ein ikkje behov for dei same rekneskapsopplysningane som eit større føretak med t.d. 40 tilsette, ein balanse på kr 30 000 000 og salsinntekt på kr 60 000 000, sjølv om begge føretaka vert definert som små føretak. Dei føretaka som i dag vert rekna som små føretak har behov for andre typar opplysningar enn det eit mikroføretak har. Det at over 90% av norske føretak er rekna som små føretak viser at det med dagens definisjonar er umogleg å ta omsyn til alle. Ei innføring av mikroføretak vil dermed vere meir hensiktsmessig. I tillegg har mikroføretak gjerne ikkje ressursar til å utføre dei nødvendige oppgåvene som trengs for å utarbeide eit årsrekneskap, medan større føretak gjerne har ressursar til det (Sæther, 2011).

## 2.2 Rekneskapspråk

Det regelsettet som ein legg til grunn ved rapportering av økonomisk informasjon vert kalla ein rekneskapsstandard eller eit rekneskapspråk. Nemninga rekneskapspråk kjem av at rekneskapsinformasjonen skal vidareformidlast frå sendar til mottakar der det er viktig at desse snakkar same språk for å lettare kunne forstå informasjonen som vert formidla (*Regnskapsspråk - Wikipedia*, 2016). I Noreg nyttar ein hovudsakelig fem ulike rekneskapspråk som alle enten stammar ifrå rekneskapslova eller som er nemnt som lovlege unntaksspråk.

- Rekneskapslova sine hovudreglar
- Rekneskapslova sine forenklingsreglar for små føretak
- God rekneskapskikk for ideelle organisasjonar
- Full IFRS
- Forenkla IFRS

I tillegg til dei nemnde rekneskapspråka over har EU no opna opp for innføring av ein ny og eigen rekneskapsstandard for mikroføretak (EØS-notatbasen, 2012). Sidan dei aller fleste bedriftene i Noreg er så små at dei ikkje har noko vesentlig statlig interesse, er dette svært aktuelt og oppe til vurdering i forbindelse med utarbeidinga av ny rekneskapslov (Finansdepartementet, 2014).

Det er rekneskapslova som regulerer kva rekneskapspråk dei ulike bedriftene skal nytte. Her stilles det større krav til store bedrifter med større statleg interesse, desse må nytte eit rekneskapspråk med strengare krav. Mindre bedrifter utan den største statlege interessa kan nytte eit enklare rekneskapspråk (Tellefsen, 2005).

Norsk Rekneskapsstandard (NRS) er dei ulike standardane som er utvikla av Norsk Rekneskapsstiftelse (også kalla NRS). Den eine standarden dei har utvikla er NRS 8, som er ein spesialisert standard for små føretak. I tillegg til NRS 8 er det er par lover i rekneskapslova som er utvikla med tanke på å forenkle rekneskapskvardagen for dei mindre bedriftene. Dette er altså språket som baserar seg på rekneskapslova sine forenkla reglar for små føretak (Huneide, 2014). Det er dette rekneskapspråket som er desidert mest nytta i Noreg, sidan definisjonen for små føretak er svært stor og i over av 90% av dei rekneskapspliktege bedriftene i Noreg vert rekna som små føretak, sjå tabell 1 og 2.

Det vanligaste rekneskapspråket for mellomstore bedrifter er tradisjonell norsk god rekneskapskikk utvikla av NRS. Dette er utvikla for mellomstore (øvrigte) bedrifter, større enn små bedrifter og mindre enn børsnoterte bedrifter. Tradisjonell norsk rekneskapskikk byggjer på historisk kost, det vil sei at verdien til egedelane vert rekna ut ifrå inntakskost medrekna nedskrivningar og avskrivningar. Dette språket baserar seg på rekneskapslova sine hovudreglar (*Regnskapsspråk - Wikipedia*, 2016).

NRS har også utvikla ein standard som heiter NRS (F). Dette er ein rekneskapsstandard som spesialiserer seg på god rekneskapskikk for ideelle organisasjonar, det vil sei organisasjonar og bedrifter utan eit økonomisk formål. Denne standarden har dermed eit større mål å uttrykkje organisasjonen sitt arbeid framfor å lage kostbare analyser dei må gjennomføre. Dette er altså språket som baserar seg på god rekneskapskikk for ideelle organisasjonar (Norsk RegnskapsStiftelse, 2008).

Dette er altså tre av dei vanlegaste rekneskapspråka ein nyttar i Noreg. Alle stammar ifrå norsk rekneskapslov og finn sine grunnleggjande prinsipp her. Dei norske rekneskapspråka er resultatorienterte med eit rammeverk ifrå den norske rekneskapslova. Dei siste to rekneskapspråka i Noreg er internasjonale. International Financial Reporting Standard (IFRS) som er ein obligatorisk standard for alle større selskap innan EU, samt finansielle institusjonar. IFRS vert sett på som ein svært ressurskrevjande standard. Det er derfor også



laga ein forenkla IFRS for dei mindre bedriftene utan dei største ressursane, som ynskjer å nytte seg av IFRS sine internasjonale rekneskapsreglar. Desse internasjonale rekneskapsreglane er balanseorienterte og byggjer på det konseptuelle rammeverket til forskjell frå dei norske standardane som byggjer på norsk rekneskapslov. For dei mindre bedriftene er det tillat å velje mellom internasjonale eller norske rekneskapsreglar, balanseorientert eller resultatorienterte rekneskapsystem jf. rskl. § 3-9. (*Regnskapsspråk - Wikipedia*, 2016)

Utifrå tabell 1 over, kan ein sjå kva rekneskapsspråk som vart nytta for norske selskap for rekneskapsåret 2008. Her har dei skilt mellom god rekneskapskikk for små føretak, vanleg god rekneskapskikk og IFRS. Her kjem det fram at for rekneskapsåret 2008 så nytta heile 223 479 av 234 809 registrerte selskapsrekneskap seg av forenklingsreglane for små føretak, dette tilsvara heile 95% av alle registrerte selskapsrekneskap dette året. Til samanlikning var det 4,5% av selskapa som nytta vanlig GRS og berre 0,5% av selskapa som nytta noko form for internasjonale rekneskapsreglar.

### **2.2.1 Norsk Rekneskapsstiftelse**

Norsk rekneskapsstiftelse, NRS, er ein samankomst mellom fire hovudorgan; stiftelsesstyre, bokføringsstandardstyre, fagorgan IFRS og regnskapsstandardstyre. Desse styra er igjen sett saman av representantar ifrå større organisasjonar som har stor innverknad på norsk økonomi. Norsk rekneskapsstiftelse vart stifta 27. april 1989 av blant anna Næringslivets hovudorganisasjon NHO, Handelshøgskulen BI, Norges handelshøgskule NHH, Oslo Børs, Den norske revisorforeininga og Norges autoriserte regnskapsførar foreining. NRS arbeider med å utgje standardar for god rekneskapskikk som norsk rekneskapsstandard (NRS), norsk bokføringsstandard (NBS), god bokføringskikk (GBS) samt foreløpige standardar, høyringsutkast og rettleiingar. NRS jobbar stadig med å utvikle og forenkla dei norske rekneskapsystema. Til no har dei dermed utvikla 8 ulike bokføringsstandardar, 20 norske rekneskapsstandardar og fleire foreløpige standardar. Alle desse dokumenta dannar grunnlaget for god rekneskapskikk, GRS (Norsk RegnskapsStiftelse, 2016). Norske føretak føl norsk lov, men her kjem det fram at god rekneskapskikk og god bokføringskikk også er fullverdige rettleiarar til utarbeiding av rekneskapet. I følgje rskl. §4-6 skal registrering av rekneskapsopplysingar og utarbeiding av årsrekneskapet gjerast i samsvar med god

rekneskapskikk. Samt at i bokføringslova §4 punkt 10 kjem det fram at bokføring av spesifikasjon, dokumentasjon og oppbevaring av rekneskapsopplysingar skal skje i samsvar med god bokføringskikk. Desse standardane, som er utarbeidd av NRS, er dermed rettslege standardar som skal fungere som rettleiing for rekneskapsførarar der det kan oppstå misvisande og mogleg dårleg formulert lovttekst. På denne måten oppgir lova rammer og hovudprinsipp som skal følgjast, medan standardane gir svar på meir konkrete spørsmål som skulle dukke opp undervegs (*Norsk RegnskapsStiftelse - Wikipedia, 2016*).

### **2.2.2 Internasjonalt rekneskapspråk**

Når ein snakkar om internasjonale rekneskapsstandardar, snakkar ein hovudsaklig om International Accounting Standard og International Financial Reporting Standard. Desse er nok betre kjent som IAS og IFRS. IAS er ein tidlegare versjon av IFRS som var mest aktuell mellom 1973 og 2001, medan IFRS overtok ifrå 2002 og vert fortsatt nytta. Desse vert sett på som det internasjonale rekneskapspråket. Ifrå rekneskapsåret 2005 har IFRS vore ein obligatorisk rekneskapsstandard for alle børsnoterte føretak samt at det har vert frivillig for alle andre føretak som er bestemt av norsk rekneskapslov, jf. rskl. §3-9. Bestemminga av at børsnoterte selskap skal nytte IFRS er vedtatt av EU og gjelder også for Noreg gjennom EØS-avtalen (Berner & Lund, 2003). IFRS vart fyrst produsert i eit forsøk på å harmonisera rekneskapspråket i Europa, men då ein såg verdien av dette så vart det fatta interesse for standarden også frå andre stadar i verda. I dag er dermed IFRS utvikla for å vere eit globalt felles rekneskapspråk som skal gjer det enklare å samanlikna rekneskap på tvers av landegrenser. IFRS er produsert som ein konsekvens av stadig aukande internasjonale eigarandelar og handel på tvers av landegrenser (*International Financial Reporting Standards - Wikipedia, the free encyclopedia, 2016*).

Forenkla IFRS vart utvikla i 2006 som ei eiga forskrift til rekneskapslova som omhandlar forenkling av internasjonalt rekneskapspråk for dei som frivillig nyttar IFRS. Denne forskrifta vart tatt i bruk i januar 2008 for rekneskapsåret 2007. Forskrifta vart påbygd og endra i 2014, etter endring i det fyllbyrda IFRS dokumentet. Denne forskriftsforenklinga for IFRS vert kalla forenkla IFRS. Forenkla IFRS er dermed ei særnorsk forskrift som er med på å lage enda eit norsk rekneskapspråk. Den forenkla IFRS får noko kritikk for at den ikkje er så forenkla likevel. For å kunne nytte seg godt av forenkla IFRS så må ein kunne normal

IFRS. Dette gjer vel at vinninga går opp i spinninga? (Moen, 2008). Eksempelvis så må små føretak som frivillig nyttar seg av forenkla IFRS likevel nytte fulle notekrav, kontantstrømoppstilling og konsernrekneskap. Noko som dei hadde sloppe unna og kunne forenkla dersom dei hadde nytta normale norske rekneskapsreglar for små føretak, samt NRS 8 (Moen, 2015).

Standardsetjaren International Accounting Standard Boards (IASB), som har utvikla dei internasjonale rekneskapsreglane, utvikla også i 2009 ein internasjonal forenklingsstandard. Dei utvikla då IFRS for Small and Medium Entities, betre kjent og forkorta som IFRS for SME. Det er eit dokument på 230 sider som er produsert for å tilby ei forenkling for dei mindre føretaka, basert på den avanserte og fullbyrda IFRS. Denne standarden vart utvikla for å enklare kunne samanlikne rekneskapstal på tvers av landegrenser på same måte som vanleg IFRS. No kunne det også bli enklare å samanlikne rekneskapstal ifrå større børsnoterte selskap som nyttar IFRS med mindre selskap som nyttar IFRS for SME, dersom dette skulle bli aktuelt (Kvifte, 2014). Då det var snakk om at dette skulle innførast til dei norske rekneskapsstandardane stilte NRS spørsmål ved om denne standarden var godt eigna for det norske rekneskapssystemet. 1.oktober 2010 sendte NRS eit brev til finansdepartementet om at dei ynskte ei snarleg avklaring rundt rekneskapsreglar for små føretak. I brevet kjem det fram at dei anbefaler IFRS for SME for dei mellomstore føretaka, men at IFRS for SME ikkje er særleg eigna for dei norske små føretaka. NRS hadde då sett for seg ein rekneskapsstandard for dei små norske føretaka som var enklare enn forenklingsreglane for GRS. Dei meina altså at IFRS for SME var meir avansert enn dei allereie eksisterande forenklingsreglane for små føretak. NRS ynskte derfor ei snarlig avklaring ifrå finansdepartementet om kva rekneskapsreglar dei vil setje for dei små føretaka (Norsk RegnskapsStiftelse, 2010). Dette enda med at det ikkje vart innført noko ny standard dette året. IFRS for SME vart aldri innført for dei norske rekneskapa, i staden fortsette ein å bruke forenkla IFRS.

Med tanke på dagens situasjon i Noreg og den internasjonale utviklinga vil antakeleg EU etterkvart pålegge alle EU-/EØS-land å innføre IFRS for SME, fordi dei ynskjer eit felles internasjonalt rekneskap for heile Europa (Baksaas, 2010). I 2012 opna EU opp for innføring av mikroføretak, dette vil altså på sikt vere eit alternativ til IFRS for SME, for dei aller minste føretaka. Sidan NRS har uttalt at IFRS for SME ikkje er særleg eigna for norske små føretak, fordi den er meir avansert enn NRS 8 sine forenkla reglar, vil mikroføretak dermed vere eit godt alternativ for denne føretaksgruppa. Sjølv om IFRS for SME vil gjer det enklare å

samanlikne rekneskapstal på tvers av landegrenser, så har mikroforetak svært få interessentar (Finansdepartementet, 2010). Noko som betyr at det ikkje er så mange som har interesse for rekneskapa deira og dermed ikkje har behov for å samanlikne tal på tvers av landegrenser. Innføring av ein eigen standard for mikroforetak kan derfor vere eit vel så godt alternativ. Dette kjem me tilbake til og går nærare inn på i kapittel 2.4.

## **2.3 Aksjeselskap**

Aksjeselskap(AS) er den vanlegaste forma for foretak i Noreg i dag. Alle små og mellomstore aksjeselskap er regulert av aksjelova(als.), medan store selskap er regulert av allmennaksjelova(asal.). Eit aksjeselskap er eit foretak der ingen av eigarane har personleg ansvar for selskapet sine forpliktingar, med mindre noko anna er gitt i lova, jf. asl. §1-1(2).

Alle AS er både bokførings- og rekneskapspliktige etter rskl. §1-2 nr.1. og bl. §2(1).

Aksjeselskap som går inn under definisjonen av små foretak kan nytte seg av dei forenkla reglane i NRS 8.

### **2.3.1 Revisjonsplikt for aksjeselskap**

I Noreg i dag er aksjeselskap i utgangspunktet revisjonspliktige dersom ein har ei driftsinntekt på 5mill og meir, ein balansesum på 20 mil og meir, og gjennomsnittlege tal tilsette overstig ti årsverk, jf. asl. §7-6(1). Tidlegare gjaldt ikkje denne regelen for aksjeselskap. Før var alle revisjonspliktige, uansett omsetning. Dagens unntak for AS vart innført i mai 2011, jf. asl. Dersom AS oppfyller alle krava i asl. §7-6(1), kan generalforsamlinga vedta at rekneskapet ikkje skal reviderast. Grensa som EU har sett til kva som vil gå inn under definisjonen mikroforetak, betyr altså at dei fleste ikkje vil vere revisjonspliktige med dagens revisjonsgrense.

### **2.3.2 Kvifor ha revisjonsplikt?**

Revisjon av eit foretak gir ei auka sikkerheit for at årsrekneskapet vert utarbeidd i samsvar med lov og forskrift, det blir dermed antatt at revisjon aukar sannsynet for eit rettvisande


bilete av føretaket sine eigedelar, gjeld, resultat og finansielle stilling (Finansdepartementet, 2010). I 2009 då revisorforeininga kom med forslag til innføring av mikroaksjeselskap, uttalte dei at revisorforeininga var for å behalde revisjonsplikta for dei minste aksjeselskapa. Ein av grunnane til at dei ville behalde revisjonsplikta var at forenklingane for mikroføretak ville gjere revisjonen enklare, og som ei følgje av dette meinte dei at selskap sine revisjonskostnader ville vorte redusert med rundt 25% (Knudsen & Husaas, 2009).

## 2.4 Mikroføretak

Innføring av mikroføretak som ein eigen føretaksklasse er eit forslag som EU har kome med. Sidan Noreg er ein del av EØS-avtalen må dei følgje den lovgivinga som vert vedtatt, og dei retningslinjene som vert gitt i form av direktiv som EU innlemmar i EØS-avtalen (*Regnskapsdirektivet*, 2013). Det er EU-kommisjonen som utarbeider og legg fram forslag til ny lovgiving eller retningslinjer. Rådet for den europeiske unionen (heretter Rådet) og Europaparlamentet vedtar om desse forslaga skal bli gjeldande. Rådet og Europaparlamentet er altså EU sin lovgivande myndigheit (Utenriksdepartementet, 2013). Vidare er det EØS-komiteen som vurderer om lovgivinga eller retningslinjene er relevante for EØS-landa, og om dei skal bli innlemma i EØS-avtalen.

Figur 1 viser korleis EU utarbeider nye lover og retningslinjer og korleis dette kan påverke dei norske rettsreglane.

Figur 1: Utarbeiding av lover og retningslinjer



Figuren er henta frå (*Regnskapsdirektivet*, 2013)

## **2.4.1 Tidligere forslag**

Mikroføretak vart første gang diskutert i EU i 2007. EU ville innføre forenkla reglar til rekneskapsføringa for mikroføretak. Grunnen var at dei ville spare mikroføretaka for høge administrative kostnader. Tanken bak var at ved å redusere desse kostnadane, ville ein styrka Europa sin økonomi (*Europa-Parlamentets og Rådets direktiv 2012/6/EU, 2012*). Etter dette har det kome fleire ulike forslag.

### **2.4.1.1 Forslaget frå 2009**

Det første forslaget om mikroføretak vart framlagt i 2009 av EU-kommisjonen. For å bli rekna som eit mikroføretak måtte ein oppfylle to av dei tre følgjande krava:

- Balanse under 500 000 euro
- Salsinntekt under 1 000 000 euro
- Gjennomsnittleg tal tilsette er 10 eller mindre

*(Directive of the European Parliament and of the Council, 2009)*

Vidare foreslo EU-kommisjonen at mikroføretak skulle vere heilt unntatt frå rekneskapsdirektiva (Sæther, 2011). At mikroføretak er unntatt frå rekneskapsdirektiva vil sei at dei ikkje treng å følge dei retningslinjene og lovene som er innlemma i EØS-avtalen.

#### **2.4.1.1.1 Revisorforeininga sitt forslag**

Etter at EU-kommisjonen la fram forslaget om mikroføretak, og at dei skulle vere unntatt frå rekneskapsdirektiva, kom revisorforeininga på banen. Dei kom med eit forslag for kva reglar som burde gjelde for mikroføretaka i Noreg, og meinte at innføring av desse reglane kunne spare mikroføretaka for ca. 1,2 milliardar kroner i året. Revisorforeininga valde å kalle denne føretaksforma for mikroaksjeselskap (MAS). Grunnen til det var at dei aller fleste små føretak med rekneskapsplikt i dag er aksjeselskap. Revisorforeininga foreslo også ein annan definisjon på eit MAS enn det EU-kommisjonen gjorde. For å bli rekna som eit MAS foreslo revisorforeininga at selskapet berre kunne ha ein selskapseigar og at ein måtte oppfylle to av dei følgjande tre krava:

- Balanse under 5 millionar kroner
- Salsinntekt under 5 millionar kroner
- Gjennomsnittleg tal tilsette er 5 årsverk eller mindre.

(Knudsen & Husaas, 2009)

Denne definisjonen er strengare enn dagens definisjon når ein ser på tal tilsette og at selskapet berre kan ha ein eigar. Men den er meir tollerant når ein ser på balansen. Med denne definisjonen ville i 2009 ca. 60 000 norske aksjeselskap vorte rekna som mikroaksjeselskap. Med dagens forslag er det over 160 000 føretak som ville vorte rekna som mikroføretak.

Vidare har revisorforeininga fleire ulike forslag til forenkla reglar for MAS. Blant anna desse:

- Årsberetninga bortfell
- Årsrekneskap etter skattelova sine vurderingsreglar
- Forenkla oppstillingsplanar
- Vesentleg enklare krav til noteopplysningar

(Knudsen & Husaas, 2009)

EU-kommisjonen sitt forslag om mikroføretak frå 2009 vart aldri vedtatt. På grunn av dette kunne ein då ikkje innføre Revisorforeininga sitt forslag for MAS. Revisorforeininga sitt forslag frå 2009 er på fleire områder relativt likt dagens forslag. Den største forskjellen er gjerne at revisorforeininga foreslår at ein kan utarbeide årsrekneskapen etter skattelova sine vurderingsreglar.

Martin Kravik Solheim skreiv i 2012 at dersom mikroføretak kunne føre årsrekneskapet etter skattelova sine vurderingsreglar, slik som revisorforeininga foreslo, kunne ein verkeleg snakke om innsparingar. Solheim presiserer at skatterekneskapen ikkje er noko optimalt styringsverktøy, men at fordelane med dette vil vege opp for ulempene. Dei mikroføretaka som ikkje kan gje tilstrekkeleg informasjon til særlege brukargrupper ved å føre skatterekneskap bør kunne nytte seg av reglane for små føretak (Solheim, 2012). Å føre årsrekneskapen etter skatterekneskapen sine vurderingsreglar er i dag ikkje mogleg etter mikrorekneskapsdirektivet sine bestemmingar. I følgje Hege Kursmo Sæther er det likevel moglegheit for betydelege endringar, sjølv om direktivet ikkje opna for vesentlege forenklingar. Sjølv om ein ikkje kan føre årsrekneskapet etter skattelova sine

vurderingsreglar, opnar NRS 8 for at ein t.d. i mange tilfelle kan periodisere varige driftsmidlar etter skattemessige reglar. I tillegg vil det for mange transaksjonar vere like periodiseringar både skattemessig og rekneskapsmessig (Sæther, 2011). Ein kan altså utarbeide eit årsrekneskap som på fleire måtar er lik skatterekneskapen.

#### **2.4.1.2 Forslag frå 2011**

EU-kommisjonen arbeidde vidare med eit konkret forslag om forenkla lover for mikroføretak. I 2011 la kommisjonen fram det nye forslaget sitt.

Definisjonen for kva som vert rekna som eit mikroføretak vart endra til at ein måtte oppfylle to av dei følgjande tre krava:

- Balanse under 250 000 euro
- Salsinntekt under 500 000 euro
- Gjennomsnittleg tal tilsette er 10 eller mindre

I 2011 ville denne grensa i Noreg tilsvara ein balanse på ca. 2 millionar kr og salsinntekt på ca. 4 millionar kr. Dersom ein samanliknar dette med definisjonen frå 2009, ser ein at salsinntekt og balanse er halvert, medan tal tilsette er lik. Med tanke på norske forhold er kravet til balanse og salsinntekt sett litt lågt i forhold til tal tilsette. Men om ein ser på dagens definisjon, som er ein mellomting mellom definisjonen frå 2009 og 2011, er det eit betre forhold mellom balanse, salsinntekt og tal tilsette (Sæther, 2011).

Når det kjem til dei forenkla lovene og reglane som vart foreslått innført i 2011, er det dei same som vart innført i mikrorekneskapsdirektivet i 2012. Desse forenkla lovene vert nærmare forklart i 2.4.2.1.

#### **2.4.2 Dagens forslag**

I 2012 vart mikrorekneskapsdirektivet vedtatt av Rådet og Europaparlamentet, og i 2013 vart direktivet innlemma i EØS-avtalen. Om ein vil innføre føretaksklassen mikroføretak er opp til kvart enkelt EU/EØS-land. Formålet med mikrorekneskapsdirektivet er som nemnt å redusera dei administrative kostnadane. Det er derfor lagt opp til forenkla reglar og krav som skal



gjelde for mikroforetak. Det er og opp til kvart enkelt land om ein vil innføre alle eller berre nokre av dei forenkla lovene (EØS-notatbasen, 2012).

I 2014 vart det oppnemnt eit rekneskapsutval (utvalet), som består av tre statsautoriserte revisorar, ein professor, ein advokat og ein rådgivar. ”Utvalget skal gjennomgå regnskapsloven med sikte på å modernisere og forenkla regelverket, samt tilpasse de norske reglene til nytt EØS-regelverk på området. ... Utvalget skal gjennomgå hele regnskapsloven for å modernisere og forenkla regnskapsregelverket. Utvalget skal foreslå gjennomføring av kommende EØS-regler som svarer til EUs nye regnskapsdirektiv, samt vurdere forenklinger for såkalte mikroforetak” (Finansdepartementet, 2014). Rekneskapsutvalet skal altså vurdere om mikroforetak bør innførast i Noreg med dei forenklingane som mikrorekneskapsdirektivet har opna opp for.

Utvalet har kome med første deluttreiing, og innan 24. Juni 2016 skal andre deluttreiing kome. Utreiingane vert gitt til Finansdepartementet ”som vidare skal vurdere om forslaget fra regnskapsutvalget skal gjennomføres eller ikke.” (NARF, 2015). I første deluttreiing vart det vurdert om føretaksklassen mikroforetak skulle innførast eller ikkje. I følge rekneskapsutvalet er det ikkje er så mange reelle moglegheiter til forenkling og dei foreslår dermed at mikroforetak ikkje skal bli innført (NARF, 2015).

### **2.4.2.1 Dei forenkla lovene**

#### ***2.4.2.1.1 Periodisering:***

Mikroforetak er unntatt frå å presentere forskotsbetalingar, påløpt inntekt, påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter som eigne linjer. Ved bruk av denne presentasjonen av periodiseringar kan mikroforetak og nytte seg av kontantprinsippet for ”andre kostnadar” som t.d. husleige, forsikringspremiar og renter (Finansdepartementet, 2015). Forskotsbetalingar kan t.d. vere betaling av husleige på forskot. Medan forskotsbetalte inntekter kan t.d. vere at huseigar får husleiga betalt på forskot. Påløpt inntekt vert i Noreg ofte omtalt som opptent inntekt, og kan t.d. vere at huseigar får betalt husleige på etterskot. Påløpte kostnader kan t.d. vere at leigetakar betaler husleiga på etterskot.

Ved utarbeiding av årsrekneskapet vert i utgangspunktet periodiseringsprinsippet nytta. Periodiseringsprinsippet består av dei grunnleggjande rekneskapsprinsippa som fortel oss korleis ein skal rekneskapsføre inntekter og kostnader. Transaksjonsprinsippet fortel oss kva

verdi transaksjonen skal rekneskapsførast til. Oppteningsprinsippet fortel oss at inntekter skal resultatførast når den er opptent. Samanstillingsprinsippet fortel oss at utgifter skal kostnadsførast i same periode som tilhøyrande inntekt. Ved å bruke periodiseringsprinsippet får ein eit bilete av perioden sitt resultat. Dette vil vere eit betre styringsverktøy enn ved bruk av kontantprinsippet, som seier at ein skal føre inntekter og kostander når dei oppstår. Ved bruk av kontantprinsippet viser ein ikkje når ein tar på seg forpliktingar, det kjem heller ikkje fram kva eit prosjekt krev av ressursar og resultatet av dette prosjektet (Tellefsen, 2005).

Utvalet har foreslått at presentasjon av periodiseringspostane forskotsbetalingar, påløpt inntekt, påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter som eigne linjer skal vere unntatt for alle føretak. Denne forenklinga vil dermed ikkje berre gjelde mikroføretak. Vidare har utvalet kome fram til at forenklingmoglegheita med å kunne nytte kontantprinsippet for ”andre kostnader” vert veldig snevert. Ein må uansett periodisere kostnadane skattemessig, og då meiner utvalet at det ikkje føreligg nokon reell forenkling her (Finansdepartementet, 2015).

#### ***2.4.2.1.2 Årsberetning***

Mikroføretak vil vere unntatt frå plikta til å utarbeide årsberetning. Ein må då gje opplysningar om eigne aksjar enten i notar eller under balansen (Finansdepartementet, 2015).

Årsberetninga er ein rapport som styret/leiinga skal utarbeide. Årsberetninga er ei vurdering av verksemda i rekneskapsperioden, og styret si oppfatning om korleis framtida vil bli (Tellefsen, 2005). I følgje rskl. §3-1 har alle rekneskapspliktige også plikt til å utarbeide ei årsberetning. Krava til innhald av opplysningar for små føretak kjem fram av rskl. §3-3, medan store og øvrige føretak må følgje krava i rskl. §3-3a. Formålet med årsberetninga er å gje overordna informasjon om årsrekneskapet utover det som kjem fram av resultatrekneskapet, balansen og noteopplysningane. Opplysningar om forhold som er nødvendige for å forstå verksemda si utvikling, resultat og risiko, skal òg kome fram av årsberetninga (Kristoffersen, 2014).

Utvalet har foreslått at små føretak skal vere unntatt frå å utarbeide årsberetninga. Det vil derfor ikkje vere noko behov for ein eigen regel om dette for mikroføretak (Finansdepartementet, 2015).

#### **2.4.2.1.3 Offentleggjing av årsrekneskapet**

Etter mikrorekneskapsdirektivet ”kan mikroforetak unntas fra plikten til å offentliggjøre årsregnskapet. Dette forutsetter at balansen sendes inn til en myndighet utpekt av medlemsstaten” (Finansdepartementet, 2015)

Utvalet ser ingen reell forenklingsmoglegheit ved at berre ein del av eit utarbeidd årsrekneskap skal offentliggjeras (Finansdepartementet, 2015).

#### **2.4.2.1.4 Forenkla oppstilling av balanse og resultatrekneskap**

Balansen og resultatrekneskapen vil og kunne forenklast ein del etter mikrorekneskapsdirektivet, ved at ein har eit samandrag av balansen og resultatrekneskapen.

Eit samandrag av balansen vil kunne sjå slik ut:

” Eiendeler

C. Anleggsmidler

D. Omløpsmidler

Egenkapital, andre reserver og forpliktelser

D. Egenkapital og andre reserver

E. Avsetninger

F. Gjeld. ”

(Finansdepartementet, 2015)

Eit samandrag av resultatrekneskapen skal minimum ha med dei nemnte postane nedanfor:

- ”
- Nettoomsetning
  - Andre inntekter
  - Råvarer og forbruksvarer
  - Personalkostnader
  - Verdijusteringer
  - Andre kostnader
  - Skatt
  - Resultat ”

(Finansdepartementet, 2015)

Utvalet meiner det heller ikkje her er nokon reell forenklingmoglegheit. Grunnen til det er at ein i dag nyttar seg av rekneskapssystem som enkelt spesifiserer posteringen på det detaljnivå som er ynskja etter dagens oppstillingsplan. Rekneskapsbrukarar, spesielt Statistisk Sentralbyrå, har bruk for den meir detaljerte oppstillingsplanen (Finansdepartementet, 2015).

#### **2.4.2.1.5 Noteopplysingar**

Mikroføretak vil vere unntatt frå å gje noteopplysningar. Ein må likevel gje noteopplysningar på nokre få områder:

- egne aksjar, dersom desse opplysningane ikkje blir gitt i årsberetninga
- kreditt, garantiar og forskot til styremedlem
- betinga forpliktingar og garantiar som ikkje er ført i balansen
- om ein har nytta seg av kontantprinsippet.

Dersom nokre av desse forholda inntreff skal ein gje desse opplysningane under balansen, eventuelt i notar i årsrekneskapen (Finansdepartementet, 2015).

Formålet med å gje noteopplysningar er ”å øke regnskapsoppstillingenes informasjonsverdi for regnskapsbrukere” (Tellefsen, 2005). Ved å innføre denne forenklingmoglegheita vil altså informasjonsverdien for rekneskapsbrukarane bli betydeleg redusert.

Den einaste reelle forenklinga, i følgje utvalet, er unntaket for dei aller fleste notar. Utvalet har kome fram til at innføring av ein eigen føretaksklasse, og dei fordelane det medfører, ikkje er store nok til å vege opp for ulempene av å innføre endå ein føretaksklasse. Ved å innføre endå ein føretaksklasse vil ein komplisera regelverket. På grunnlag av dette foreslår dei ikkje innføring av mikroføretak (Finansdepartementet, 2015).

#### **2.4.2.1.6 Oppsummering av dei forenkla lovene**

Ei av utfordringane ved å tillate desse forenkla rekneskapsreglane for mikroføretak er at rekneskapsinformasjonen ikkje lengre er like tilfredstillande for interessentane. Små føretak har i dei aller fleste tilfelle få interessentar og færre brukarar av rekneskapsinformasjon enn dei større selskapa (Finansdepartementet, 2010). Mikroføretak vil derfor ikkje ha same behovet for å ha eit så omfattande rekneskap som større føretak.

Dersom ein i tillegg ser på nytteverdien for eit mikroføretak når det kjem til å utarbeide årsrekneskapet etter dagens reglement, ser ein at denne nytteverdien er mykje lågare for mikroføretak enn for større føretak. I tillegg vil kostnaden ved å utarbeide årsrekneskapet vere relativt høgare for mikroføretak enn for større føretak (Knudsen & Husaas, 2009).

Ei av oppgåvene til rekneskapsutvalet var å gjennomgå heile rekneskapslova både for å modernisere, men òg for å forenkle rekneskapsregelverket. I staden for å foreslå å innføre mikroføretak og forenkla regelverket på den måten, har dei heller foreslått å innføre lågare krav og enklare reglar for føretaksklassen små føretak (Finansdepartementet, 2015). Som t.d. at ein er unntatt frå årsberetninga og presentasjon av visse periodiseringspostar på eiga linje.

## **3.0 Metode**

### **3.1 Kva er metode?**

Metode er eit stort og omfattande omgrep, og det finnes uendeleg mange definisjonar på kva metode er. Omgrepet metode kjem av det greske *methodos*, og betyr å følgje ein bestemt veg mot eit mål (Johannessen, 2010). I følgje Jacobsen er metode ein måte å gå fram på for å samle inn empiri, som betyr data om verkelegheita. I praksis betyr dette ein konsentrasjon om korleis me kan samle inn empiri om verkelegheita på ein så god måte som mogleg (Jacobsen, 2015).

### **3.2 Kvalitativ- og kvantitativmetode**

Kvalitativ metode er empiri i form av ord, setningar, tekstar o.l., som formidlar meiningar. Kvalitativ metode blir gjerne brukt når ein veit lite om temaet ein vil undersøkje, når problemstillinga er uklar og når me ynskjer å forstå noko meir grundig (Johannessen, 2010). Metoden eignar seg best når ein vil utvikle nye teoriar og hypotesar. Kvalitative undersøkingar går meir i djupna, og dei vanlegaste formene for kvalitativ undersøking er personleg intervju, telefonintervju, gruppeintervju og fokusgrupper. Alle intervju skal gjennomførast og analyserast, og er derfor ein ressurs- og tidkrevjande metode (Saunders, 2012).

Kvantitativ metode er empiri i form av tal, enten som symbol for ord eller naturlege tal størrelsar. Kvantitativ data kan vere uforståeleg i "rå" form, og må derfor gjerast om til informasjon. Det kan gjerast ved hjelp av statistikkar, grafar og tabellar (Saunders, 2012). Dette er ein metode som eignar seg best når ein vil gå i breidda og undersøkje mange einingar, også kalla ei ekstensiv undersøking. Ei slik undersøking aukar sannsynet for å få resultat som kan generaliserast til heile populasjonen, dersom ein brukar sannsynsutval (Saunders, 2012).

Dei siste åra har det å innføre eit eige rekneskapsspråk for mikroføretak fleire gongar vore oppe til diskusjon, og no er det igjen aktuelt i forbindelse med utarbeiding av ny rekneskapslov. Me ynskjer derfor å undersøkje kva synspunkt flest mogleg revisorar og rekneskapsførarar, og andre som vil bli påverka av dette, har om mikroføretak og dei forslaga

som har vorte lagt fram rundt dette. Utvalet som arbeider med den nye rekneskapslova er negative til innføring av mikroforetak, men me vil sjå om fleirtalet av dei som arbeider med rekneskap til dagleg er positive eller negative til innføring av eit eige rekneskapspråk for mikroforetak. Sidan me ynskjer svar frå flest mogleg har me valt å bruke kvantitativ metode.

I kvantitative undersøkingar nyttast det gjerne standardiserte metodar for datainnsamling. Svara kan dermed uttrykkjast i form av tal, og resultatet frå datainnsamlinga kan beskrivast ved hjelp av grafiske figurar og tabellar. Me ynskjer empiri i form av tal når me skal analysere data frå undersøkinga, og synest derfor at kvantitativ metode passar best til arbeidet med å prøve å finne eit svar på problemstillinga vår.

Vår største utfordring ved å velje kvantitativ metode er at undersøkinga må nå ut til mange fleire, enn om me hadde brukt kvalitativ metode. Problemet med dette er at me no er inne i den mest hektiske arbeidsperioden til rekneskapsførarane og revisorane, og det er dermed ikkje sikkert at dei tar seg tid til å svare på undersøkinga.

### **3.3 Primær- og sekundærdata**

Sekundærdata er data som tidlegare har vorte innsamla av andre. Sidan sekundærdata gjerne er samla inn til andre formål enn det ein sjølv skal bruke det til, er det ikkje sikkert at alle delar av f.eks. ein rapport kan brukast som ei relevant og truverdig kjelde (Saunders, 2012). Sekundærdata inkluderer både kvalitativ- og kvantitativ data, og blir brukt både i deskriptiv og forklarande forskning (Saunders, 2012).

Primærdata er informasjon som er innsamla for første gong, og som gjerne blir samla inn for å gje svar på ei avgrensa og aktuell problemstilling (Jacobsen, 2015). Primærdata blir òg kalla feltfakta, fordi ein går ut i felten og spør brukarane for å skaffe data. Metodar som intervju, spørjeundersøkingar og observasjonar blir nytta for å samle inn primærdata. Bruken av primærdata er meir kompleks enn sekundærdata. I tillegg er det også meir tidkrevjande å hente inn primærdata sidan ein sjølv må ut å hente inn denne informasjonen, medan sekundærdataa allereie er innhenta av nokon andre.

Oppgåva vår bygger på både sekundær- og primærdata. Teoridelen vår er basert på sekundærdata som me har henta frå bøker og artiklar, medan resultatane frå spørjeundersøkinga vår er primærdata. I analysen skal me prøve å knytte dataa me samlar inn frå spørjeundersøkinga opp mot sekundærdataa i teoridelen.

### **3.4 Utvalsprosessen**

Eit sannsynsutval er eit utval der alle i heile populasjonen har eit kjent sannsyn for å kome med i utvalet. Utvalet er heilt tilfeldig plukka ut, og kan dermed representere heile populasjonen (Grønmo, 2004). Ein kan derfor trekka konklusjonane ein kjem fram til, til å gjelda heile populasjonen. Altså ein kan generalisera resultatet ein får frå utvalet til å gjelde for heile populasjonen.

Eit ikkje-sannsynsutval er ikkje plukka ut heilt tilfeldig og representerer dermed ikkje heile populasjonen. Nokon relevante grupper kan derfor bli ekskludert, og ein kan ende opp med eit systematisk skeivt utval. Dette utvalet kan derfor ikkje generaliserast til å gjelde heile populasjonen (Jacobsen, 2015). Eit ikkje-sannsynsutval tar mindre tid og er enklare å gjennomføre enn eit sannsynsutval. Noko som også gjer det mindre kostbart. På grunn av at me ikkje har så god tid eller ressursar til å gjennomføre undersøkinga, valde me å bruke eit ikkje-sannsynsutval.

Utvalet me har tatt er ein kombinasjon av vurderingsutval, snøballutval og sjølvutveljing, som alle er former for ikkje-sannsynsutval. Eit vurderingsutval er eit type utval der forskaren vel ut element frå populasjonen fordi dei har bestemte eigenskapar som ein ynskjer å ha med i undersøkinga (Saunders, 2012). Me ynskjer berre personar som arbeider med rekneskap til dagleg, og i hovudsak rekneskapsførarar og revisorar. Dermed har me tatt eit vurderingsutval der me har søkt på internett etter rekneskapskontor og revisjonsfirma i Sogn og Fjordane, og sendt undersøkinga til desse.

Snøballutval vert som regel nytta når det er svært få som høyrer til populasjonen, og/eller når ein ikkje kjenner til alle i populasjonen. Då spør ein dei ein kjenner som høyrer til populasjonen om dei kan svare på undersøkinga, og vidare om dei kjenner nokon innanfor populasjonen som òg kan svare på undersøkinga. På den måten kjem ein i kontakt med eit



utval frå populasjonen som ein kanskje elles ikkje hadde kome i kontakt med (Saunders, 2012). Me har derfor i tillegg valt å spørje alle me kjenner som enten er rekneskapsførarar eller revisorar om dei kan delta på undersøkinga vår. Vidare har me og spurd om dei kan sende undersøkinga til alle dei kjenner i same bransje. Når ein får spørjeundersøkingar tilsendt av personar ein kjenner, føler ein gjerne litt ekstra på presset på å måtte svare. Sidan rekneskapsførarar og revisorar er inne i den tida av året det er mest travelt, håper me derfor at bruk av snøballutval vil føre til fleire svar.

Sjølvtutveljing betyr at alle som mottar undersøkinga sjølv vel om dei vil svare på den (Jacobsen, 2015). Når me sender ut undersøkinga på e-post med oppmoding om å dele vidare med andre i same bransjen, så er det mottakarane av e-postane som sjølv vel om dei vil delta i undersøkinga vår.

## **3.5 Utføring av spørjeundersøkinga**

### **3.5.1 Utarbeiding av spørjeundersøkinga**

Spørjeundersøkinga utarbeidde me ved å nytte Google skjema, som me syntest er eit verktøy som er oversiktleg, enkelt og godt eigna til vårt formål. Programmet har ein funksjon som kan overføre all data til Excel, og ein får grafar og diagram som illustrerer svara. Me velde å bruke spørjeskjema til å samle inn data fordi me ville ha faste spørsmål og svaralternativ for å kunne sjå på likskaper og ulikskaper i måten respondentane svarar på. Eit spørjeskjema er også ein god måte for å få spreidd undersøkinga ut til alle me ynskja.

Når ein skal utarbeide eit spørjeskjema er det viktig å formulere spørsmåla slik at dei belyser problemstillinga (Johannessen, 2010). Dette gjorde me ved å bruke god tid på å tenkje godt gjennom kva det er me eigentleg ynskjer å få svar på. Deretter bestemte me oss for å ha eit prestrukturert spørjeskjema, som betyr at det er oppgitte svaralternativ til alle spørsmåla. Altså enkle og konkrete spørsmål og svaralternativ som byggjer på teorien og sekundærdata me har funnet (Johannessen, 2010). Dette velde me både for å gjera det lettare for respondentane å fylle ut skjemaet, og slik at me eklare kan tolke og analysere svara. Me velde også å gjera alle spørsmåla obligatoriske å svare på.

Me bestemte oss også for at me ville at nokre av spørsmåla, eller påstandar, skulle vere slik at respondentane må svare ut frå ein skala. Me har då gått for det som kallast ein “Likert-skala”. Ein likert-skala er ein karakterskala som krevjar at respondentane skal indikere ein grad av einigheit eller ueinigheit for ei rekke påstandar/utsegn, der skalaen gjerne går frå f.eks. “heilt einig” til “heilt ueinig” (Saunders, 2012).

### **3.5.2 Innsamling av data**

Når me var fornøgde med spørjeskjemaet sette me i gang med å sende skjemaet ut til respondentane me hadde valt ut ved hjelp av e-post, og med ei oppmoding om å dele det vidare med kollegaer og kjende i same bransje. I byrjinga av mars starta me å sende ut skjemaet, og hadde undersøkinga ute til rett over påske, dvs. starten av april. Me hadde då fått 39 svar, der fire av svara var frå andre fylker enn Sogn og Fjordane. Sidan me har avgrensa til Sogn og Fjordane, tok me derfor å sletta svara frå andre fylker. Vidare i oppgåva bruker vi derfor berre dei 35 svara frå Sogn og Fjordane.

### **3.6 Reliabilitet og validitet**

For at ei undersøking skal vere gyldig må den vere påliteleg. Reliabilitet betyr pålitelegheit, og er eit grunnleggande spørsmål innan all forskning. Reliabilitet knytast til data frå undersøkinga, kva data som blir brukt, korleis det blir samla inn, samt korleis data blir bearbeidd (Johannessen, 2010). I kvantitative undersøkingar er reliabilitet kritisk, og det finnes mange måtar å teste reliabiliteten til ei undersøking. Ein kan t.d. utføre same undersøking på same gruppe, på eit seinare tidspunkt, for å sjå om svara er dei same. Ein annan måte er at fleire forskarar undersøker same tema, for å sjå om dei får relativt like resultat (Johannessen, 2010).

Det er vanskeleg å seie noko om reliabiliteten til undersøkinga vår, sidan me verken har utført undersøkinga to gongar, eller funne nokon liknande undersøking å samanlikne med. Samtidig skriv Johannessen m.fl. følgjande: “Forskeren kan styrke påliteligheten ved å gi leseren en inngående beskrivelse av konteksten... og en åpen og detaljert fremstilling av fremgangsmåten under hele forskningsprosessen.” (Johannessen, 2010, s. 199). Me synes me

tydeleg har forklart arbeidsmetoden og gjennomføringa av undersøkinga, og dette kan derfor bidra til å styrke reliabiliteten til undersøkinga og oppgåva vår.

Validitet betyr gyldighet, og går på om undersøkinga faktisk måler det ein har tenkt å undersøke (Saunders, 2012). Gyldigheten kan delast inn i to typar, indre- og ytre validitet. Indre validitet går på om spørjeskjemaet vårt måler det ein faktisk ynskjer å måle (Jacobsen, 2015). Det kan vere vanskeleg å sikre god indre validitet når ein bruker prestrukturerte spørjeskjema, fordi ein kanskje ikkje får all informasjon ein burde hatt (Larsen, 2007). For å sikre god validitet, må ein derfor stille dei riktige spørsmåla med tanke på problemstillinga. Me tok oss god tid til å utarbeide spørjeskjemaet vårt for å prøve å lage dei best moglege spørsmåla for å belyse problemstillinga vår, og vil dermed sei at oppgåva har ein god indre validitet. Ytre validitet handlar om i kor stor grad ein kan generalisere funna frå utvalet til å gjelde heile populasjonen (Jacobsen, 2015). I og med at vårt utval ikkje kan generaliserast, og er systematisk skeivt, er den eksterne validiteten i oppgåva vår låg.

### **3.7 Feilkjelder**

Det ikkje noko fasitsvar på kor mange verdiar som skal vere med på ein skala (Johannessen, 2010). Me velde å ha 6 verdiar, og ekskluderte bevist moglegheita til å ha eit nøytralt alternativ. Grunnen til dette er fordi me, av eiga erfaring med spørjeskjema, merkar at ein fort kanskje kryssar av for eit nøytralt alternativ og går vidare utan større ettertanke. Sidan me med denne undersøkinga ynskjer ærlege svar frå respondentane, velde me å ikkje ha med dette. Problemet her er at det er ei mogleg feilkjelde når dataa skal analyserast. Det er ikkje sikkert respondenten har kunnskap, meiningar eller synspunkt på spørsmålet, men vil då bli tvungen til å krysse av på eit av alternativa, sjølv om respondenten kanskje meiner at ingen av svaralternativa passar. Me har bla. fått tilbakemelding av ein av respondentane om at den eigentleg ikkje heilt visste kva eit mikroføretak er, og syntest derfor det var vanskeleg å svare på spørsmåla. Dette viser at ein kan setje spørsmålsteikn til kunnskapen respondentane har på området, og at dette kan vere ei feilkjelde i resultatet av undersøkinga.

Ei anna potensiell feilkjelde er at prestrukturerte spørjeskjema ikkje gir oss moglegheit til å fange opp informasjon utover dei oppgitte svaralternativa. Det betyr at respondentane ikkje har noko moglegheit for å utdjupe svaret sitt om den skulle ynskje dette.

Utvalet vårt er ei svakheit med oppgåva. Sidan me verken har tid eller ressursar til å undersøke heile populasjonen, måtte me derfor gjera eit utval. Me har brukt ulike former for ikkje-sannsynsutval, noko som fører til at me ekskluderer store delar av populasjonen og får eit systematisk skeivt utval. Kombinasjonen av vurderingsutval og snøballmetoden gjer at det er berre dei som har mottatt undersøkinga på e-post som har moglegheit til å svare. Noko som betyr at det er mange rekneskapsførarar/revisorar i Sogn og Fjordane som ikkje har fått moglegheit til å delta i undersøkinga. Dette gjer at me ikkje kan generalisere undersøkinga til å gjelde for heile populasjonen, noko som også utgjer ei feilkjelde.

Når me i hovudsak brukar snøballmetoden mistar me oversikt og kontroll over kven eller kor mange undersøkinga har vorte delt med. Me har dermed ingen oversikt over svarprosent, og det vart også vanskeleg å sende ut purringar sidan me ikkje visste kven som hadde svart og ikkje.

Ei anna potensiell feilkjelde er at me har avgrensa til Sogn og Fjordane. Tal frå statistisk sentralbyrå viser at Sogn og Fjordane er eit av fylka i landet med færrest verksemder, der dei fleste er små verksemder. Noko som kan bety at Sogn og Fjordane har endå fleire føretak som er definert som små, enn det andre fylker i landet har. Dette kan gjer at respondentane våre er meir positivt innstilt, enn kva folk frå større fylker med fleire verksemder hadde vert (Statistisk sentralbyrå, 2016).

Når me starta analysen av undersøkinga vår, såg me at på omtrent alle spørsmåla har store delar av respondentane svart dei to mest nøytrale alternativa. På grunn av dette velde me å dele inn nokre nye kategoriar. Blant anna; stor grad, medium grad og liten grad, og berre einig og ueinig, i staden for dei ulike gradene av einigheit. Dette for å enklare klare å trekke ein konklusjon.

## 4.0 Empiri og dataanalyse

### 4.1 Resultatet av datainnsamlinga

Me hadde undersøkinga open på internett i 1 måned. Den vart lasta opp 07.03.16 og stengt for mottak av svar 07.04.16. Etter å ha lasta den opp i starten av mars med tilhøyrande marknadsføring av undersøkinga, mista me raskt kontroll over kvar undersøkinga hamna. Sidan me blant anna nytta snøballutval, sende me den til kjente relevante personar og spurde dei om å sende den vidare til sine kontaktar med relevant bakgrunn. Sidan me mista kontroll på kvar undersøkinga hamna og kven som hadde svart på undersøkinga følte me det vart vanskeleg og sende påminning om undersøkinga etter ei stund. I løpet av månaden undersøkinga låg ute på internett, var det også ei veke med påske. Dette førte til reduserte svar i denne perioden, noko som også kjem fram ved grafen under, som illustrerer tal svar per dag.

#### Tal svar per dag:


Figur 2: Tal svar per dag



## 4.2 Gjennomgang av resultat

### Kjønn:

Figur 3: Kjønn



Mann	20	57,1 %
Kvinne	15	42,9 %


Det er ei relativt jamn fordeling av respondentar mellom kvinner og menn. Det er ein litt større del menn som har svart på undersøkinga vår, med 57% mot 43% kvinner.

### Alder:

Me var heldige og fekk god variasjon i alderen til respondentane, alt ifrå 21 til 66 åringar tok seg tid til å svare. Gjennomsnittsalderen vart 44,8 år medan medianen vart 48 år. På denne måten veit me at me har fått med oss meiningane til "eit heilt arbeidsliv" innan økonomisk bransje. Alt ifrå nyutdanna, til folk som snart skal gå av med pensjon.

### Yrke:

Figur 4: Yrke



Rekneskapsfører	10	28,6 %
Autorisert rekneskapsfører	6	17,1 %
Revisor	4	11,4 %
Statsautorisert revisor	8	22,9 %
Andre	7	20 %


Me følte det var av interesse kva yrkesbakgrunn respondentane har. Hovudsaklig mellom revisorar eller rekneskapsfører, då me på førehand såg for oss at desse to yrkesgruppene ikkje kom til å vere heilt einige. Me valde å dele opp til autoriserte og ikkje autoriserte innan sitt

yrke. ”Andre” respondentar består av blant anna ein økonomisjef, nokon innan controlling og andre innan finans. Om ein forenkler denne grafen til berre yrkesgruppene så vert resultatet at 46% av respondentane arbeidde innan rekneskapsføring, medan 34% innan revisjon. Dei siste 20% er fortsatt ”andre”.

## Kor einig eller ueinig er du i fylgjande påstandar?


### Alle selskap uansett storleik bør ha revisjonsplikt.

Figur 5: Alle selskap uansett storleik bør ha revisjonsplikt



”Alle selskap uansett storleik bør ha revisjonsplikt” er ein påstand me sette opp for å sjå skilnaden mellom rekneskapsførarar og revisorar. Det viste seg seinare at det ikkje var noko særlig skilnad her. Totalt sett ser ein at 66% av respondentane er ueinige i påstanden, medan 34% av respondentane er einige i påstanden. Sidan fleirtalet stiller seg open for at nokre selskap kan unnlate revisjonsplikta, kan ein fortsette diskusjonen om dette skal gjelde mikroføretak eller ikkje.


Figur 6: Alle selskap uansett storleik bør ha revisjonsplikt - fordelt etter yrke



Me trudde at dette spørsmålet ville gje svært splitta meiningar etter kva yrkesgruppe ein svara for. Me trudde rekneskapsførarane stort sett ville vere ueinige, medan revisorane ville vere einige i påstanden. Dette viste seg å vere feil! Heile 81% av rekneskapsførarane og 67% av revisorane var negative til at alle selskap burde ha revisjonsplikt. Ein ser likevel at ein litt større del av revisorane er positiv med 33% mot berre 19% positive rekneskapsførarar.

### Innføring av mikroføretak vil letta arbeidsdagen min på sikt.

Figur 7: Innføring av mikroføretak vil letta arbeidsdagen min på sikt




”Innføring av mikroføretak vil letta arbeidsdagen min på sikt” er ein påstand me sette opp for å generelt sjå om respondentane hadde trua på at omgrepet mikroføretak kan vere ein god sak å innføre. Heile 43% meinte at dei var litt einige i dette medan 9% var svært einige. Ser me på



spørsmålet med berre to alternativ der respondenten er enten einig eller ueinig, ser ein at det er heile 63% som er einige i at mikroføretak kunne ha letta arbeidsdagen mot 37% som ikkje har tura på dette. Det er altså eit fleirtal som trur at innføring av mikroføretak hadde letta arbeidsdagen deira på sikt. Då gjenstår det å finne ut om dette fleirtalet ynskjer denne innføringa for å lette arbeidsdagen, eller om dei meiner av andre grunnar at det er meir fornuftig å nytte systema som allereie eksisterer, til tross for at det gjerne er litt meir tungvindt.

### I dag stilles det for strenge krav til små føretak.

Figur 8: I dag stilles det for strenge krav til små føretak




”I dag stilles det for strenge krav til små føretak” er ein påstand me sette opp fordi me tenkte at dersom respondenten var einig i denne påstanden, ville dei gjerne vere meir opne og positive til innføring av mikroføretak også. Fyrst såg dette ut til å stemme godt. 63% av respondentane er einige i påstanden, mot 37% som er ueinige. På eit spørsmål seinare i analysen spør me om respondenten er generelt positiv til innføring av mikroføretak. Her får me same resultat. 63% av respondentane er generelt positive, medan 37% er negative.

Etter å ha sett meir nøye på resultata fann me ut at det er 12 respondentar som har endra meining på desse to spørsmåla. 12 respondentar tilsvara 34%. Så det er trulig ein tilfeldighet at desse prosentane er jamne. Dette betyr at det er respondentar som meiner at det stilles for strenge krav til små føretak utan å vere positiv til mikroføretak. Desse respondentane meiner gjerne at det bør vere enklare krav for alle små føretak, eller at dei gitte forenklingforslaga ikkje fører til store nok forenklingar. Det vil og vere respondentar som er positive til mikroføretak, men samstundes meiner at små føretak har enten passende eller for små

rekneskapsmessige krav. Desse respondentane meiner gjerne at det ikkje stilles for strenge krav til fleirtalet av dei små føretaka. Men er positive til mikroføretak fordi dei meiner at det stilles for strenge krav til dei aller minste av dei små føretaka, altså mikroføretak.

Det at så mange meiner at det stilles for strenge krav til små føretak, vil sei at det er eit behov for enklare reglar. Det er også Finansdepartementet einig i. Ei av rekneskapsutvalet sine oppgåver, ved utarbeiding av ny rekneskapslov, er å forenkle regelverket.

Figur 9: I dag stilles det for strenge krav til små føretak - fordelt etter yrke




Dersom ein deler opp svara ifrå dette spørsmålet til å vise rekneskapsførarar og revisorar kvar for seg, så viser det tydeleg ei ueinigheit mellom yrka i denne samanhengen. Eit stort fleirtal av rekneskapsførarane er einig i påstanden om at det er for strenge krav til små føretak. 81% av rekneskapsførarane er einige i forhold til 19% som er ueinige. Revisorane har derimot ei meir jamn fordelt prosentsats, her med 42% som er einig i påstanden i forhold til 58% som er ueinige. I tillegg til dette ser ein at fleirtalet til rekneskapsførarane er einig i påstanden, medan fleirtalet til revisorane er ueinig i påstanden. Rekneskapsførarane tar parti med små føretak og ynskjer enklare krav til dei, medan revisorane meiner det ikkje vert stilt for strenge krav.

Dette er litt som forventa. Revisorane er dei som skal kontrollere rekneskaperne, og vil dermed ha mest mogleg rekneskapsinformasjon. Rekneskapsførarane er dei som fører rekneskaperne og ser gjerne meir behovet for enklare reglar.


## Ved innføring av mikroforetak trur eg at fleire vel å føre rekneskapet sitt sjølv.

Figur 10: Ved innføring av mikroforetak trur eg at fleire vel å føre rekneskapet sitt sjølv



”Ved innføring av mikroforetak trur eg at fleire vel å føre rekneskapet sitt sjølv” er ein påstand me sette opp for å sjå om innføringa av mikroforetak kan gå utover arbeidsmengda til rekneskapsførarane. Dersom ein deler alternativa inn i to, så er det også her 63% som er einige i at fleire vil velje å føre rekneskapet sitt sjølve, medan 37% ikkje har trua på det. Til gjengjeld er det ingen som har svart at dei er ”svært einig” i påstanden, medan det er 3 stykk altså 8,6% som er ”svært ueinig”. Fleirtalet er altså einige, men dei sterkaste meiningane vert uttrykte som ueinige.

Figur 11: Ved innføring av mikroforetak trur eg at fleire vel å føre rekneskapet sitt sjølv - fordelt etter yrke




Også her ser ein eit tydeleg skilje mellom rekneskapsførarane og revisorane. 75% av rekneskapsførarane trur at fleire vil velje å føre rekneskapet sitt sjølv, dersom mikroføretak vert innført. Berre 41% av revisorane trur det same. Fleirtalet blant rekneskapsførarane er einig i påstanden medan fleirtalet blant revisorane er ueinige i påstanden.

### I kor stor grad trur du at fylgjande forenklingar lettar arbeidet med årsrekneskapet.

Dei fylgjande spørsmåla i denne spørsmålssekvensen er reelle forslag, som er henta ifrå forenklingforslaget til EU. Alle fylgjande forenklingar vil i ein viss grad føre til forenklingar for føring av rekneskapet. Når me no skal analysere tala nærare vil me dele alternativa inn i tre kategoriar. ”Svært liten grad” og ”ganske liten grad” er i kategorien liten grad. ”Liten grad” og ”stor grad” er i kategorien medium grad. ”Ganske stor grad” og ”svært stor grad” er i kategorien stor grad.


### Ein treng ikkje presentera forskotsbetaling og påløpte inntekter.

Figur 12: Ein treng ikkje presentera forskotsbetaling og påløpte inntekter



### Ein treng ikkje presentera påløpte kostnader og forskotsbetalt inntekt.

Figur 13: Ein treng ikkje presentera påløpte kostnader og forskotsbetalt inntekt




Forenkingsmoglegheitene ”Ein treng ikkje presentera forskotsbetaling og påløpt inntekt” og ”ein treng ikkje presentera påløpte kostnader og forskotsbetalt inntekt” har fått heilt lik prosent utteljing. Ved å sjå nærare på resultatet ser ein at kvar enkelt respondent meiner det same ved begge desse forenkingsmoglegheitene. Deler ein alternativa inn i tre kategoriar, vil ein sjå at 28,6% er i liten grad einige i at dette vil føre til forenkling. Medan 65,5% er i medium grad einige i at dette vil føre til forenkling. Berre 2,8%, ein respondent, meiner dette vil i stor grad føre til forenklingar. Dersom ein ser på alle dei andre forenklingmoglegheitane er det ingen andre som har fått så liten oppslutning på svaralternativa ”ganske stor grad” og ”svært stor grad”. Dersom ein ser i motsett ende av skalaen er det ingen andre forenklingmoglegheiter som har fått større oppslutning på svaralternativa ”svært liten grad” og ”ganske liten grad”.

Rekneskapsutvalet har derimot kome fram til at desse forenklingmoglegheitene skal gjelde for alle føretaksklassar. Medan våre respondentar har ein laber entusiasme til desse forenklingane.

**Ein kan nytta seg av kontantprinsippet for ”andre kostnader”.**  
**(type: husleige, renter, forsikringar etc.)**

*Figur 14: Ein kan nytta seg av kontantprinsippet for "andre kostnader"*




Dersom ein òg deler svaralternativa for forenklingmoglegheiten ”ein kan nytta seg av kontantprinsippet for ”andre kostnader” ” inn i tre, vil ein sjå at det også her er 28,6% som i liten grad er einige i at dette vil føre til forenkling. 60% er i medium grad einige, medan 11,5% er i stor grad einige i at dette vil føre til forenkling.

Rekneskapsutvalet kom ved første delutreiing fram til at bruk av kontantprinsippet vart så snevert og dermed ikkje hadde nokon reell forenklingmoglegheit.

### Ein er unntatt frå noteopplysingar.


Figur 15: Ein er unntatt frå noteopplysingar



Deler ein svaralternativa til denne forenklingmoglegheita inn i tre deler, ser ein at berre 5,7% meiner at her er det liten grad av forenklingmoglegheiter. 62,8% er i medium grad einig i at dette vil føre til forenklingar og 31,5% er i stor grad einig i at dette vil føre til forenklingar. Dette er den forenklingmoglegheita som våre respondentar meiner er størst. At ein er unntatt frå noteopplysingar meiner rekneskapsutvalet er den einaste reelle forenklingmoglegheita.


### Ein er unntatt frå årsberetninga.

Figur 16: Ein er unntatt frå årsberetninga



Deler ein svaralternativa til denne forenklingmoglegheita inn i tre kategoriar ser ein at berre 5,8% meiner at det er liten grad av forenklingmoglegheiter her. 74% er i medium grad einige i at dette vil føre til forenklingar. 20% er i stor grad einige i at dette vil føre til forenklingar. Det er her respondentane meiner det er størst forenklingmoglegheit, etter forenklingane for noteopplysingar. Rekneskapsutvalet har foreslått at denne forenklinga skal gjelde alle små føretak. Det vil altså sei at utvalet meiner det er ei reell forenklingmoglegheit her.


Figur 17: Ein er unntatt frå årsberetninga - fordelt etter yrke



Når ein ser på svara ifrå respondentane med skilje mellom rekneskapsførarar og revisorar, ser ein her tydeleg at det er rekneskapsførarane som er mest for denne forenklinga. Då 19% av rekneskapsførarane meiner dette forenklinga i stor grad, mot 0%, altså ingen, av revisorane meiner dette forenklinga i stor grad. Forutan dette er også fleirtalet av "andre" respondentar einige i at dette er ei forenkling i stor grad.

### Ein er unntatt frå offentleggjering av årsrekneskapet.


Figur 18: Ein er unntatt frå offentleggjering av årsrekneskapet



At ein er unntatt frå offentleggjering av årsrekneskapet meiner 28,6% av respondentane våre har liten grad av forenklingmoglegheit når ein deler svara inn i tre kategoriar. 57,1% meiner det har medium grad av forenklingmoglegheit. 14,3% meiner det har stor grad av forenklingmoglegheit. Godt over halvparten av respondentane meiner altså det er ein medium grad av forenklingmoglegheit, medan rekneskapsutvalet meiner det ikkje er nokon reell forenkling her.

### Ein kan nytte ei forenkla balanseoppstilling med færre postar.


Figur 19: Ein kan nytte ei forenkla balanseoppstilling med færre postar



Dersom ein deler alternativa for forenklingmoglegheita ”ein kan nytte ei forenkla balanseoppstilling med færre postar” inn i tre kategoriar, vil ein sjå at det er 17,1% som i liten grad er einige i at dette ikkje vil føre til forenkling. 68% er i medium grad einige i at dette vil føre til forenklingar. 14,3% meiner det i stor grad vil føre til forenkling.

### Ein kan nytte ei forenkla resultatoppstilling med færre postar.

Figur 20: Ein kan nytte ei forenkla resultatoppstilling med færre postar





Dersom ein også deler alternativa for forenklingmoglegheita ”ein kan nytte ei forenkla resultatoppstilling med færre postar” inn i tre kategoriar, vil ein sjå at svara er relativt like svara frå forenklingmoglegheita ved balanseoppstillinga. Når ein ser på svara til kvar enkelt respondent, så er det to respondentar som har forskjellig meining mellom desse forenklingmoglegheitane. Ein respondent meiner forenkla balanseoppstilling vil letta arbeidet i liten grad, medan å nytte ei forenkla resultatoppstilling vil letta arbeidet i stor grad. Ein annan respondent meiner det i svært liten grad vil føre til forenklingmoglegheiter å nytte ei forenkla balanseoppstilling, medan å nytte ei forenkla resultatoppstilling vil føre til forenklingmoglegheiter i liten grad. To respondentar meiner altså at det eksisterer større forenklingmoglegheiter ved å nytte ei forenkla resultatoppstilling enn ei forenkla balanseoppstilling. Elles har alle andre respondentar kryssa av på det same svaralternativet på desse to forenklingmoglegheitane.

Rekneskapsutvalet kom fram til at det ikkje var nokon reell forenklingmoglegheit her, sidan dagens rekneskapsprogram enkelt spesifiserer posteringane på det detaljnivå ein ynskjer.

### **Gjennomgang av dei resterande spørsmåla:**

#### **Vil fordelene ved desse forenklingane vere større enn ulempa ved eit litt meir unøyaktig rekneskap?**

*Figur 21: Vil fordelene ved desse forenklingane vere større enn ulempa ved eit litt meir unøyaktig rekneskap*




”Vil fordelene ved desse forenklingane vere større enn ulempa ved eit litt meir unøyaktig rekneskap” er eit slags kontrollspørsmål me spurde for å kontrollera om respondentane virkelig har tenkt gjennom kva dei svarar på. Her samanliknar me med spørsmåla over som gjekk på forenklingar ved årsoppgjeret og ser om folk er like positive no. Dersom ein deler

spørsmåla frå førre spørsmålssekvens inn i to kategoriar, *liten* grad og *stor* grad, meiner i gjennomsnitt 46,5% av respondentane at dette totalt ville gje fordel ved årsrekneskapet i *liten* grad. Gjennomsnittleg 53,5% av respondentane ifrå førre spørsmålssekvens meiner at desse punkta vil gje fordel i *stor* grad ved utarbeiding av årsrekneskapet. Når ein ser på dette spørsmålet isolert for seg sjølv i ettertid, så er det berre 51,4% av respondentane som meiner fordelene er større enn ulempa ved eit litt meir unøyaktig rekneskap. Det vil seia at det er 2% av respondentane som har skifta mening ifrå eit spørsmål til eit anna. Eventuelt så er det 2% av respondentane som faktisk meiner at ulempa er større enn fordelane med forenklingane som tidligare er nemnt, dette til tross for at dei meiner fordelene er god.

Rekneskapsutvalet meinte at fordelane ved innføring av mikroforetak, ikkje var store nok til å vege opp for ulempene. Her ser ein at ca. halvparten av våre respondentar er einig i denne konklusjonen, medan halvparten er ueinig i dette.

Figur 22: Vil fordelene ved desse forenklingane vere større enn ulempa ved eit litt meir unøyaktig rekneskap - fordelt etter yrke




Ved å dele desse svara inn etter rekneskapsførarar og revisorar så ser ein her eit klart skilje mellom desse yrka. Rekneskapsførarar som arbeider med å føre rekneskapet ynskjer sjølv sagt å kunne gjera dette på enklast mogleg måte. 69% av rekneskapsførarane meiner at dette er forenklingar der fordelene er større enn ulempa ved eit meir unøyaktig rekneskap. Til samanlikning så er det berre 17% av revisorane som meiner dette. Revisorane som arbeider med å kontrollere rekneskap ynskjer naturlegvis eit mest mogleg korrekt rekneskap, så det er

heller ikkje overraskande at 83% av revisorane ikkje er einige i at desse fordelane er større enn eit unøyaktig rekneskap. Atter ein gong ser ein at det er revisorane som er mest negative.


### **I kor stor grad hadde det letta utarbeidinga av årsrekneskapet for mikroføretak å kunne nytta forenklingsreglane etter skattelova.**

*Figur 23: I kor stor grad hadde det letta utarbeidinga av årsrekneskapet for mikroføretak å kunne nytta forenklingsreglane etter skattelova*



Revisorforeininga og Martin Kravik Solheim meinte begge at dersom mikroføretak kunne føre årsrekneskapet etter skattelova sine vurderingsreglar kunne ein verkeleg snakke om forenklingar. I tillegg vart me tipsa av ein rekneskapsførar som meiner at å nytte forenklingsreglane etter skattelova hadde vert til god hjelp og forenkling i utarbeidinga av årsrekneskapet til dei minste føretaka. Så me bringa spørsmålet vidare og lurte på kva andre innan bransjen meiner om dette forenklingforslaget. Dersom me deler svaralternativa inn i to kategoriar viser det seg at 54% av respondentane meiner dette lettar utarbeidinga av årsrekneskapet i liten grad, medan 46% meiner det lettar arbeidet i stor grad. Men ein ser at ved dei sterkaste meiningane så er det fordel til ”svært stor grad” ved 11,4% mot ”svært liten grad” sine 2,9%. Mesteparten av svara som meiner liten grad er motteke i alternativet ”liten grad” medan svaralternativa som meiner stor grad har motteke fleire sterke svar ved ganske stor- og svært stor grad.

Figur 24: I kor stor grad hadde det letta utarbeidinga av årsrekneskapet for mikroforetak å kunne nytta forenklingsreglane etter skattelova - fordelt etter yrke




Deler ein svara inn etter kva yrkesbakgrunn respondentane har, ser ein også her ein forskjell på rekneskapsførarane og revisorane. Nok ein gong er det rekneskapsførarane som er mest positive til innføring av ei forenkling. Med 13% av rekneskapsførarane som meiner at dette lettar arbeidet i stor grad, mot 87% som meiner det lettar arbeidet i medium grad. For revisorane sin del så er det 92% av dei som meiner at dette lettar arbeidet i medium grad, mot 8% som meina det forenkler i liten grad. Det er altså ingen revisorar som meiner at dette lettar arbeidet i stor grad, samstundes er det ingen rekneskapsførarar som meiner at dette lettar arbeidet i liten grad.

**Det mest aktuelle forslaget til definisjonen av mikroforetak er når ein oppnår 2 av 3  
fylgjande. Kva synes du om dette?**


- *5,5 millionar i driftsinntekter*
- *2,75 millionar i balanse*
- *Gjennomsnitt tal tilsette 10*

Figur 25: EU's definisjon av mikroforetak. Kva synes du om den?



EU har allereie bestemt at definisjonen av mikroforetak vil bli som nemnt. 5,5 millionar i inntekt, 2,75 millionar i balanse og gjennomsnitt tal tilsette er 10. Dersom Noreg vel å innføre omgrepet mikroforetak, er det mest truleg at dette vert definisjonen etter vedtak frå EU gjennom EØS avtalen. Me ville derfor med dette spørsmålet finne ut kva folk som kjem til å arbeide med dette meiner om definisjonen EU har sett. Ein ser at 42,9% av respondentane er nøgd med definisjonen som er sett. Berre 8,6% av respondentane meiner den burde vert større, medan heile 48,6% meiner den burde vert mindre. Størsteparten av respondentane, altså nesten halvparten, meiner at omgrepet mikroforetak burde gjelda for foretak mindre enn definisjonen som er sett. Ein kan dermed tenkja seg at ein kanskje burde gjort noko med denne definisjonen for å få fleirtal på alternativet ”passeleg”. Samstundes er dette noko som er vanskeleg å endre på og gjera noko med, sidan det er EU som har gitt denne definisjonen og innehar denne makta.


Figur 26: EU's definisjon av mikroforetak. Kva synes du om den? - fordelt etter yrke



Når ein ser på resultatata delt mellom yrkesgruppene så kjem det tydeleg fram at det er rekneskapsførarane som i stor grad meiner at denne definisjonen er passelig. 63% av rekneskapsførarane meiner definisjonen er passelig, mot berre 25% av revisorane som meiner det same. 25% av rekneskapsførarane meiner at definisjonen burde vert mindre, mot 75% av revisorane som meiner at den burde vert mindre. 12% av rekneskapsførarane meiner definisjonen burde vert større, medan 0%, altså ingen, av revisorane ville hatt ein større definisjon av mikroføretak. Ein ser dermed at rekneskapsførarane stort sett meiner definisjonen er passelig, medan revisorane stort sett meiner at definisjonen burde vert mindre.

### Er du generelt positiv til omgrepet mikroføretak?

Figur 27: Er du generelt positiv til omgrepet mikroføretak?



Ja	22	62.9 %
Nei	13	37.1 %

”Er du generelt positiv til omgrepet mikroføretak?” er eit spørsmål me tok med som ei avslutting, eller konkluderande spørsmål, til slutt i undersøkinga. Her ville me oppnå at respondenten tenkjer gjennom kva den har kome fram til som eigen meining ved dei tidlegare spørsmåla i undersøkinga, og gje oss ein endeleg personleg meining om ein er for eller imot innføring av omgrepet mikroføretak. Det endelige svaret respondentane kom med etter undersøkinga var som vist at 22 respondentar, altså 63%, er positiv til mikroføretak, medan 13 respondentar, altså 37%, er negativ til mikroføretak. Det at så mange er generelt positiv til mikroføretak er kanskje ikkje så rart. 63% meiner det vert stilt for strenge krav til små føretak, og 63% meiner innføring av mikroføretak ville ha letta arbeidsdagen på sikt. Dersom ein berre ser på rekneskapsførarar, meiner 69% at forenklingmoglegheitane, som innføring av føretaksklassen mikroføretak fører med seg, er større enn ulempa ved eit meir unøyaktig rekneskap. Ein kan dermed sjå at fleirtalet av våre respondentar er generelt positive til innføring av omgrepet mikroføretak.

## 5.0 Avsluttning

### 5.1 Oppsummering

Under kjem tre tabellar som ei oppsummering av resultatane me fekk frå spørsmålssekvensen ”i kor stor grad trur du fylgjande forenklingar lettar arbeidet med årsrekneskapet?”.

Det fleirtalet har svart er utheva med **feit** skrift.

Tabell 3: Prosentfordeling av svar

	<b>Svært liten grad</b>	<b>Ganske liten grad</b>	<b>Liten grad</b>	<b>Stor grad</b>	<b>Ganske stor grad</b>	<b>Svært stor grad</b>
Ein treng ikkje presentera forskotsbetaling og påløpt inntekt	5,7 %	22,9 %	31,4 %	<b>37,1 %</b>	2,9 %	0,0 %
Ein treng ikkje presentera påløpt kostnader og forskotsbetalt inntekt	5,7 %	22,9 %	31,4 %	<b>37,1 %</b>	2,9 %	0,0 %
Ein kan nytta seg av kontantprinsipp for "andre kostnader"	8,6 %	20,0 %	22,8 %	<b>37,1 %</b>	8,6 %	2,9 %
Ein er unntatt frå noteopplysingane	0,0 %	5,7 %	25,7 %	<b>37,1 %</b>	22,9 %	8,6 %
Ein er unntatt frå årsberetninga	2,9 %	2,9 %	<b>37,1 %</b>	<b>37,1 %</b>	14,3 %	5,7 %
Ein er unntatt frå offentleggjering av rekneskapet	14,3 %	14,3 %	25,7 %	<b>31,4 %</b>	11,4 %	2,9 %
Ein kan nytta ei forenkla balanseoppstilling	5,7 %	11,4 %	<b>48,6 %</b>	20,0 %	11,4 %	2,9 %
Ein kan nytta ei forenkla resultatoppstilling	2,9 %	11,4 %	<b>48,6 %</b>	22,8 %	11,4 %	2,9 %
Gjennomsnitt	5,7 %	13,9 %	<b>33,9 %</b>	32,5 %	10,7 %	3,2 %

Dersom ein ser på kvar enkelt forenklingmoglegheit ser ein at fleirtalet har valt svaralternativet ”stor grad”, med få unntak. Forslaget om at mikroforetak vil vere unntatt frå årsberetninga, har like mange respondentar svart ”stor grad” og ”liten grad”. Forslaget om at mikroforetak kan nytte seg av forenkla balanseoppstilling og resultatoppstilling er dei einaste forenklingmoglegheitene der fleirtalet har svart ”liten grad”. Likevel ser ein at i gjennomsnitt har flest respondentar svart i ”liten grad”.

Rekneskapsutvalet meiner det ikkje eksisterer nokon reell forenkling ved at mikroforetak skal vere unntatt frå offentleggjering av årsrekneskapet eller at mikroforetak kan nytte ei forenkla oppstilling av balanse og resultatrekneskapen. Dette er akkurat dei same forenklingane som fleirtalet av våre respondentar har valt svaralternativet ”liten grad”. Men det er ikkje dei forenklingane våre respondentar er mest negative til. For sjølv om fleirtalet har valt svaralternativet ”liten grad”, så er det ikkje mange som har valt dei to mest negative svaralternativa ”svært liten grad” og ”ganske liten grad” her.

Forenklingmoglegheitane ”ein treng ikkje presentera forskotsbetaling og påløpt inntekt på eigne linjer” og ”Ein treng ikkje presentera påløpt kostnader og forskotsbetalt inntekt på eigne linjer” er dei forenklingmoglegheitane våre respondentar har sterkast meiningar imot. Desse forenklingmoglegheitane meina 5,7% av respondentane forenkla i ”svært liten grad” medan heile 22,9% av respondentane meina dei forenkla i ”ganske liten grad”. Rekneskapsutvalet har derimot valt å foreslå at alle foretak skal vere unntatt frå desse forenklingmoglegheitane. Her foreslår dermed rekneskapsutvalet å innføre ei av forenklingmoglegheitane som våre respondentar hadde svært laber interesse for.

Vidare har rekneskapsutvalet foreslått at alle små foretak skal vere unntatt frå å utarbeide årsberetninga. Denne forenklingmoglegheita var våre respondentar nest mest positiv til.

Den forenklingmoglegheita som våre respondentar meiner vil føre til størst forenklingmoglegheit er at mikroforetak skal vere unntatt frå noteopplysningar. Dette er rekneskapsutvalet heilt einige i.



Tabell 4: Prosentfordeling av svar med tre kategoriar

<b>Deler svaralternativa inn i tre kategoriar</b>	<b>Liten grad</b>	<b>Medium grad</b>	<b>Stor grad</b>
Ein treng ikkje presentera forskotsbetaling og påløpt inntekt	28,6 %	<b>68,5 %</b>	2,9 %
Ein treng ikkje presentera påløpt kostnader og forskotsbetalt inntekt	28,6 %	<b>68,5 %</b>	2,9 %
Ein kan nytta seg av kontantprinsipp for "andre kostnader"	28,6 %	<b>59,9 %</b>	11,5 %
Ein er unntatt frå noteopplysingane	5,7 %	<b>62,8 %</b>	31,5 %
Ein er unntatt frå årsberetninga	5,8 %	<b>74,2 %</b>	20,0 %
Ein er unntatt frå offentleggjering av rekneskapet	28,6 %	<b>57,1 %</b>	14,3 %
Ein kan nytta ei forenkla balanseoppstilling	17,1 %	<b>68,6 %</b>	14,3 %
Ein kan nytta ei forenkla resultatoppstilling	14,3 %	<b>71,4 %</b>	14,3 %
Gjennomsnitt	19,7 %	<b>66,4 %</b>	14,0 %

I denne tabellen består liten grad av svaralternativa ”svært liten grad” og ”ganske liten grad”. Medium grad består av svaralternativa ”liten grad” og ”stor grad”. Stor grad består av svaralternativa ”ganske stor grad” og ”svært stor grad”.

Ein ser ein klar tendens til at våre respondentar er generelt litt meir positive til forenklingmoglegheitene som EU har opna for, enn det rekneskapsutvalet er. I tabell 4 ser ein at over 50% av våre respondentar meiner at det eksisterte ein medium grad av forenklingmoglegheit for *alle* forslaga. Dette er dei mest nøytrale svaralternativa. Det kan derfor bli vanskeleg å trekke ein klar konklusjon når respondentane svarar relativt jamt og nøytralt.

Tabell 5: Prosentfordeling av svar med to kategoriar

<b>Deler svaralternativa inn i to kategoriar</b>	<b>Liten grad</b>	<b>Stor grad</b>
Ein treng ikkje presentera forskotsbetaling og påløpt inntekt	<b>60,0 %</b>	40,0 %
Ein treng ikkje presentera påløpt kostnader og forskotsbetalt inntekt	<b>60,0 %</b>	40,0 %
Ein kan nytta seg av kontantprinsipp for "andre kostnader"	<b>51,4 %</b>	48,6 %
Ein er unntatt frå noteopplysingane	31,4 %	<b>68,6 %</b>
Ein er unntatt frå årsberetninga	42,9 %	<b>57,1 %</b>
Ein er unntatt frå offentleggjering av rekneskapet	<b>54,3 %</b>	45,7 %
Ein kan nytta ei forenkla balanseoppstilling	<b>65,7 %</b>	34,3 %
Ein kan nytta ei forenkla resultatoppstilling	<b>62,9 %</b>	37,1 %
Gjennomsnitt	<b>53,6 %</b>	46,4 %

I tabell 5, består liten grad av svaralternativa ”svært liten grad”, ”ganske liten grad” og ”liten grad”. Stor grad består av svaralternativa ”stor grad”, ”ganske stor grad” og ”svært stor grad”.

Når ein deler svaralternativa inn i to kategoriar, liten grad og stor grad, ser ein at fleirtalet stort sett har svart liten grad. Der fleirtalet har svart stor grad er forenklingsmoglegheitene ”ein er unntatt frå noteopplysningar” og ”ein er unntatt frå årsberetninga”. Me har allereie fastslått at det er desse forenklingsmoglegheitane som våre respondentar er mest positive til.

Argumentasjon for mikroføretak vil dermed vere at me meiner definisjonen av små føretak er svært stor. Dei største av dei små føretaka vil ha eit heilt anna rekneskapsinformasjonsbehov

enn dei minste små føretaka. Det vil dermed vere behov for eit mindre rekneskapspråk enn det som allereie er berekna for små føretak, gjerne mikroføretak. Dette er noko EU har forstått for lenge sidan då dei har arbeidd for ei innføring av dette i lang tid. Dei meiner at dette hadde minska administrasjonskostnadane for dei mindre føretaka i Europa, noko som er godt mogleg. Tillegg til dette så viser det seg at fleirtalet av våre respondentar er generelt positiv til innføring av mikroføretak samt at fleirtalet trur dette hadde letta arbeidsdagen sin på sikt.

Argumentasjon imot mikroføretak vil vere at utvalet er negative, dette er eit utval som består av dyktige norske økonomar som verkeleg har sett seg inn i saka. Ei vesentlig endring som dette vil trulig også komplisera regelverket stort på kort sikt. Og sist men ikkje minst så vil innføringa av slike forenklingar vere med på å gjera rekneskapa og styringsverktøya til norske bedrifter litt meir unøyaktig for kvar forenkling som vert innført.

## **5.2 Konklusjon**

Problemstillinga vår er som følgjande: ”behøver Noreg ein eigen rekneskapsstandard for mikroføretak?”. Me ville som sagt finne ut kva rekneskapsførarar og revisorar, som arbeider med rekneskap kvar dag, meiner om dette. Etter å ha analysert svara me fekk inn frå undersøkinga vår og oppsummert dette, ser me at det kan vere vanskeleg å trekke ein heilt klar konklusjon. Grunnen til dette er fordi over halvparten av respondentane våre har valt eit av dei mest nøytrale svaralternativa og fleirtalet har aldri uttrykt seg i verken øvre eller nedre del av skalaen.

Men om ein derimot ser på det siste spørsmålet i undersøkinga ”er du generelt positiv til omgrepet mikroføretak?” ser ein at det er eit klart fleirtal, med 63%, som er positive til mikroføretak. I tillegg ser me at fleirtalet av våre respondentar meiner at definisjonsgrensa som EU har satt burde vert mindre. Det kan altså vere at respondentane hadde vert meir positive til mikroføretak om definisjonsgrensa hadde vert lågare.

Både våre respondentar og rekneskapsutvalet meiner det eksisterer størst forenklingmoglegheit ved at mikroføretak er unntatt frå noteopplysningar. Rekneskapsutvalet meiner at ved å innføre dette unntaket ville det komplisera lovverket meir, enn det ville føre til forenklingar. Dette er me einige i på kort sikt, men me trur at ved eit litt lenger perspektiv

så vil fordelene være større enn ulemper ved komplisering. Dette med bakgrunn ifrå spørsmålet om mikroforetak hadde letta arbeidsdagen på *sikt*, noko som 62,9% av respondentane var einige i.

Me spurde våre respondentar ”vil fordelene ved desse forenklingane være større enn ulemper ved eit litt meir unøyaktig rekneskap?”. 18 respondentar meinte ja, 17 meinte nei. Fleirtalet av rekneskapsførarane meinte klart ja, medan fleirtalet av revisorane meinte klart nei. Ved fleire andre spørsmål, som t.d. ”I dag stilles det for strenge krav til små foretak” har revisorane vorte negative, medan rekneskapsførarane har vorte positive. Det kan altså sjå ut som om rekneskapsførarane meiner me burde innført foretaksklassen mikroforetak. Då gjerne med berre forenklingmoglegheitane ”ein er unntatt frå noteopplysningar”. Det kan derimot sjå ut som at revisorane er einige med rekneskapsutvalet, ved at ein ikkje bør innføre mikroforetak som eigen foretaksklasse. Det er likevel ikkje så rart at rekneskapsutvalet er negative på same måte som revisorane då 3 av 6, altså 50%, av utvalet består av statsautoriserte revisorar.

Utifrå vårt synspunkt og tileigna kunnskap på området så meiner me at definisjonen av små foretak er svært stor. Dei største av dei små vil trulig ha mange fleire interessentar og dermed eit heilt anna rekneskapsinformasjonsbehov enn dei minste foretaka. Me meiner derfor heilt klart at det er behov for ein ny eller ein endra foretaksklasse, som er meir tilrettelagt for dei aller minste foretaka. Rekneskapsutvalet argumenterer mot dette med at det vil komplisere regelverket. Dette er me einige i på kort sikt, men me trur at ved eit litt lengre tidsperspektiv så vil kompliseringa gradvis bli innarbeidd og enklare.

Til ein endelig konklusjon så tar me parti med rekneskapsførarane og stiller oss meir open til ei innføring av mikroforetak, enn kva revisorane og rekneskapsutvalet er per i dag. Me meiner det er eit positivt grunnlag til innføring av rekneskapspråket mikroforetak, då det er behov for eit rekneskapspråk betre tilpassa dei aller minste foretaka.

### 5.3 Vidare forskning

I og med at dette er ei bacheloroppgåve, og me dermed har forholdsvis knapt med tid og ressursar, så måtte me avgrense. I ei eventuell vidare forskning, kunne ein derfor sett på alle typar føretak, ikkje berre aksjeselskap slik som me har gjort. Ein kunne også sett på landsbasis, ikkje berre Sogn og Fjordane.

Utvalet vårt er ei svakheit ved oppgåva. Dersom ein skulle undersøkt dette området vidare, burde ein tatt eit større sannsynsutval som kan generaliserast til å gjelde for heile populasjonen, for å få ei meir ”riktig” undersøking.

I ei eventuell vidare forskning kunne ein også sett meir på revisjonsplikt i samband med mikroføretak. Med dagens definisjon av mikroføretak vil dei aller fleste vere unntatt revisjonsplikta. Det kunne derfor vert spennande å sjå på om fleire hadde vert meir, eller mindre, positive til innføring av mikroføretak dersom alle hadde hatt revisjonsplikt.

Eit anna forslag er at ein kunne gått meir i detalj på dei forenklingane som EU har foreslått. Altså hatt ei blanding av kvalitativ og kvantitativ metode. I staden for å berre spørje om kor stor grad respondentane meiner at det føreligg forenklingmoglegheiter, kan ein også ha ei kvalitativ undersøking der ein spør om kvifor/kvifor ikkje det er forenklingmoglegheiter. Noko som ein til slutt kan samanlikne og analysere opp mot det rekneskapsutvalet har uttalt.

## Referanseliste

Baksaas, Kjell Magne. (2010). *Bør Norge innføre IFRS SME?* Hentet 20.04.2016 fra <https://www.magma.no/bor-norge-innfore-ifrs-sme>

Berner, Peggy Torgersen & Lund, Stein Erik. (2003). *Innføring av IFRS - er din virksomhet forberedt?* - Magma. Hentet 05.02.2016 fra <https://www.magma.no/innfoering-av-ifrs-er-din-virksomhet-forberedt>

*Directive of the European Parliament and of the Council.* (2009). Hentet 10.02.2016 fra <http://eur-lex.europa.eu/LexUriServ/LexUriServ.do?uri=COM%3A2009%3A0083%3AFIN%3AEN%3APDF>

*Europa-Parlamentets og Rådets direktiv 2012/6/EU.* (2012). Hentet 10.02.2016 fra <http://eur-lex.europa.eu/LexUriServ/LexUriServ.do?uri=OJ%3AL%3A2012%3A081%3A0003%3A0006%3ADA%3APDF>

EØS-notatbasen. (2012). *Mikroregnskapsdirektivet.* Hentet 03.02.2016 fra <https://www.regjeringen.no/no/sub/eos-notatbasen/notatene/2012/apr/mikroregnskapsdirektivet/id2433399/>

Finansdepartementet. (2010). *Endringer i revisorloven og enkelte andre lover (unntak fra revisjonsplikt for små aksjeselskaper).* Hentet 07.04.2016 fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop-51-l-20102011/id628867/?ch=6>

Finansdepartementet. (2014). *Regnskapslovutvalg oppnevnt.* Hentet 05.02.2016 fra <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/Regnskapslovutvalg-oppnevnt/id2000929/>

Finansdepartementet. (2015). *NOU 2015: 10.* Hentet 08.02.2016 fra [https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-10/id2425387/?q=mikroforetak&ch=11#match\\_7](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-10/id2425387/?q=mikroforetak&ch=11#match_7)

Grønmo, Sigmund. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforl.

Huneide, Jens Erik. (2014). *Årsregnskapet i teori og praksis : 2013* (15. utg. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.

*International Financial Reporting Standards - Wikipedia, the free encyclopedia*. (2016).

Hentet 05.02.2016 fra

[https://en.wikipedia.org/wiki/International\\_Financial\\_Reporting\\_Standards](https://en.wikipedia.org/wiki/International_Financial_Reporting_Standards)

Jacobsen, Dag Ingvar. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? : innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (3. utg. utg.). Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Johannessen, Asbjørn. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (4. utg. utg.).

Oslo: Abstrakt.

Knudsen, Espen & Husaas, Trine. (2009). *Forenklinger i aksje- og regnskapslovgivningen for små selskaper*. Hentet 03.02.2016 fra <http://www.revregn.no/i/2009/4/revisjon04-09-8>

Kristoffersen, Trond. (2014). *Årsregnskapet : en grunnleggende innføring* (4. utg. utg.).

Bergen: Fagbokforl.

Kvifte, Steinar Sars. (2014). *IFRS i Norge : bransje- og temaartikler* (7. utg. utg.). Oslo: Ernst & Young.

Larsen, Ann Kristin. (2007). *En enklere metode: veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforl.

Moen, Signe. (2008). *Nye muligheter fra 2007*. Hentet 08.02.2016 fra

<http://www.revregn.no/i/2008/4/revisjon-04-08-23>

Moen, Signe. (2015). *Forenklet IFRS - hva, hvem og hvordan*. Hentet 08.02.2016 fra

<https://www.pwc.no/no/publikasjoner/forenklet-ifrs-hva-hvem-og-hvordan.pdf>

NARF. (2015). *Utredning om ny regnskapslov*. Hentet 04.02.2016 fra

<https://www.regnskapnorge.no/Fagstoff/Regnskap/Regnskap/Utredning-om-ny-regnskapslov/>

Norsk RegnskapsStiftelse. (2008). *NRS(F) God regnskapsskikk for ideelle organisasjoner*. Hentet 20.04.2016 fra <http://wpstatic.idium.no/www.regnskapsstiftelsen.no/2014/11/NRS-F-God-regnskapsskikk-for-ideelle-organisasjoner-2008-november-med-vedlegg.pdf>

Norsk RegnskapsStiftelse. (2010). *NRS ber Finansdepartementet vurdere IFRS for SMEs*. Hentet 19.02.2016 fra <http://www.regnskapsstiftelsen.no/nrs-ber-finansdepartementet-vurdere-ifrs-for-smes/>

Norsk RegnskapsStiftelse. (2016). *OM NRS*. Hentet 05.03.2016 fra <http://www.regnskapsstiftelsen.no/om-nrs/>

*Norsk RegnskapsStiftelse - Wikipedia*. (2016). Hentet 05.03.2016 fra [https://no.wikipedia.org/wiki/Norsk\\_RegnskapsStiftelse](https://no.wikipedia.org/wiki/Norsk_RegnskapsStiftelse)

*Regnskapsdirektivet*. (2013). Hentet 18.04.2016 fra <http://europolov.no/rettsakt/regnskapsdirektivet/id-5047>

*Regnskapsspråk - Wikipedia*. (2016). Hentet 05.02.2016 fra <https://no.wikipedia.org/wiki/Regnskapsspr%C3%A5k>

Saunders, Mark N. K. (2012). *Research methods for business students* (6th ed. utg.). Harlow: Pearson.

Solheim, Martin Kravik. (2012). *Bedre enn sitt rykte*. Hentet 22.02.2016 fra <http://www.revregn.no/i/2012/6/rr6-2012-1534>

Statistisk sentralbyrå. (2016). *Virksomheter, etter størrelse og fylke*. Hentet 18.04.2016 fra <http://www.ssb.no/virksomheter-foretak-og-regnskap/statistikker/bedrifter/aar/2016-01-22?fane=tabell&sort=nummer&tabell=253391>

Sæther, Hege Kursmo. (2011). *Forenklete regnskapsregler for de minste aksjeselskapene*. Hentet 10.02.2016 fra <http://www.revregn.no/i/2011/6/rr06-11-667>

Tellefsen, Jan Terje. (2005). *Årsregnskapet* (8. utg. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.



Utenriksdepartementet. (2013). *Hva er Rådet for den europeiske union?* Hentet 18.04.2016 fra <https://www.regjeringen.no/no/tema/europapolitikk/fakta-115259/hva-er-radet-for-den-europeiske-union/id734722/>

## Vedlegg 1 - Spørjeskjema



### Behøver Noreg ein eigen standard for mikroføretak?

Hei

Me er tre studentar frå Førde og Hardanger som går på økonomi og administrasjonslinja ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Denne våren skriv me bacheloroppgåve med problemstillinga "Behøver Noreg ein eigen standard for mikroføretak?" og har i samband med dette ein kvantitativ undersøkelse på 20 spørsmål som tek omlag 5-10min.

Svara ifrå denne undersøkelsen vert presentert statistisk anonymt i oppgåva. Me ynskjer dykkar personlege meininga og håpar de tek dykk tid til å svare.

**\*Må fylles ut**

**Kjønne:** \*

- Mann
- Kvinne

**Alder:** \*

**Yrke:** \*

- Rekneskapsfører
- Autorisert rekneskapsfører
- Revisor
- Statsautorisert revisor
- Andre:

**Fylke:** \*

Arbeidstad

Kor enig eller uenig er du i fylgjande påstandar? \*

	Svært uenig	Uenig	Litt uenig	Litt enig	Enig	Svært enig
Alle selskap uansett storleik bør ha revisjonsplikt.	0	0	0	0	0	0
Innføring av mikroforetak vil letta arbeidsdagen min på sikt.	1	1	1	1	1	1
Idag stilles det for strenge krav til små foretak.	0	0	0	0	0	0
Ved innføring av mikroforetak trur eg at fleire vel å føre rekneskapet sitt sjølv	1	1	1	1	1	1

I kor stor grad trur du at fylgjande forenklingar lettar arbeidet med årsrekneskapet. \*

	Svært liten grad	Ganske liten grad	Liten grad	Stor grad	Ganske stor grad	Svært stor grad
Ein treng ikkje presentere forskotsbetalingar og påløpte inntekter.	0	0	0	0	0	0
Ein treng ikkje presentere påløpte kostnader og forskotsbetalt inntekt.	1	1	1	1	1	1
Ein kan benytte seg av kontantprinsippet for "andre kostnader" (type: husleige, renter, forsikringar etc.).	0	0	0	0	0	0
Ein er unntatt frå noteopplysingar.	1	1	1	1	1	1
Ein er unntatt frå årsberetninga.	0	0	0	0	0	0
Ein er unntatt frå offentleggjering av årsrekneskapet.	1	1	1	1	1	1
Ein kan nytte ei forenkla balanseoppstilling med færre postar.	0	0	0	0	0	0
Ein kan nytte ei forenkla resultatoppstilling med færre postar.	1	1	1	1	1	1

Vil fordelene ved disse forenklingene vera større enn ulempa ved eit litt meir unøyaktig rekneskap? \*

- Ja
- Nei

I kor stor grad hadde det letta utarbeidinga av årsrekskapet for mikroforetak å kunne nytta forenklingsreglane etter skattelova? \*

- Svært liten grad
- Ganske liten grad
- Liten grad
- Stor grad
- Ganske stor grad
- Svært stor grad

Det mest aktuelle forslaget til definisjon av mikroforetak er når ein oppnår 2 av 3 fylgjande. Kva synes du om dette? \*

5,5mill i driftsinntekt, 2,75mill i balanse og gjennomsnittleg tal tilsette er 10.

- Burde vert mindre
- Passeleg
- Burde vert større

Er du generelt positiv til begrepet mikroforetak? \*

- Ja
- Nei

Send